

LUSTRA

Nr. 1 • 2020

25. årgang

nytt



God sommer!

Ordføreren har ordet

Sommaren 2020 nærmar seg med raske steg, ja kanskje er den alt kommen. Sjølv om snøen framleis ligg langt ned om skogavakset og fleire stader står bjørki grøn i snøen, er det i dag, 3 juni, tett på 20 på gradestokken. Snøsmeltinga har for alvor sett fart. NVE melder om store snømengder i fjellet, somme stader det doble av «normalen». Kraftsel-skapa følgjer utviklinga tett for å ev. unngå vårflaum. Vinterværet nede i låglandet har vore meir som vanleg, relativt lite snø, men nok til at ski-tilhøva har vore greie. Men det er ikkje været

eller skiføra som har vore den største saka i vinter. Eit ørlite virus frå ein ukjend by i Kina, har praktisk tala «slege ut» ei heil verd. At noko du berre kan sjå i mikroskop skal vere så farleg, og skape så vanvitig store konsekvensar er skremmande. I ei globalisert verd der menneske og varer flyg mellom land og kontinent kontinuerleg, tok det ikkje lang tid før Covid-19 pandemien var eit faktum.

Landegrensar vart stengde, flytrafikk fekk ein bråstopp og seinare kom alle tiltaka me kjenner så godt, stengde sjukeheimar, barnehagar og skular, heimekontor og antibac. Det er litt rart å tenke på no når situasjonen kjem litt på avstand, men måtte du ein tur til Voss risikerte du 14 dagars karantene. Sjølv om mange i Norge verkeleg fekk merke sjukdomen på kroppen, og for nokre med fatalt utfall, har me likevell greidd dette bra. Me har heldigvis gode system og myndigheiter som har stor truverde og respekt i befolkninga. Difor såg me at alle tok råda på alvor og følgde dei. Den nasjonale dugnaden, det at me gjennomførde desse tiltaka, har utan tvil redda mange liv. Også i Luster kommune har det så langt gått svært bra med tanke på korona-smitte. Berre 4 personar er registrert, det talet kunne ha vore mykje høgare viss me hadde vore rett uheldige. Møtet i den kommunale kriseleiinga fredag 13. mars vil sitte i meg til evig tid. Då planlagde me beredskap for at 260 lustringar dvs. 5% av alle innbyggjarane skulle trenge helsefagleg behandling på same tid, og at ca 20% av dei trengde intensiv behandling. Me rekvirerte den dagen 3 hotell i kommunen for å ha nok sengekapasitet. Alt helsepersonell i kommunen var i høgste beredskap. Den



- *Me lustringar må nytte høvet i år og besøke kafear og serveringsstader, aktivitetsbedrifter, kultur og naturattraksjonar i denne vidstrakte og mangfaldige kommunen vår, oppmodar ordførar Ivar Kvalen.*

natta sov eg ikkje. Kva i allverda står me ovanfor no, kverna i hovudet heile tida. Heldigvis gjekk alt mykje betre her i Norge og i Luster, men tv-bilder frå utlandet synte oss kor gale det kunne ha vore.

No nærmar kvardagen seg normalen att, ungar og ungdomar er på plass i barnehagen og skulen, ungdomane er å sjå ute att i lag med vener. Samfunnet me er så glad i og så avhengige av, er i ferd med å finne attende til «normalen». Likevel vil me ha restriksjonar på aktivitetar, reiser og arrangement i lang tid enno, og ikkje minst vil næringsliv og butikkar merke verknadene i lang tid framover, truleg langt inn i 2021.

For natur og reiselivskommunen Luster vert det også ein annleis sommar. Utanlandske turistar kjem ikkje til Norge i år. Det er stor von om at nordmenn sjølve vil nytte Norge som ferieland i år. Dette kan kanskje hente inn att noko av den dramatiske nedgangen. Også me lustringar må nytte høvet i år og besøke kafear og serveringsstader, aktivitetsbedrifter, kultur og naturattraksjonar i denne vidstrakte og mangfaldige kommunen vår. Denne sommaren er det rett og slett viktig at me legg att kroner i lokalsamfunnet, slik at næringsliv og reiselivsbedriftene kjem gjennom denne sesongen og er klare til å ta i mot alle dei som kjem neste år.

Riktig god sommar til alle.

Rådmannen har ordet

«Omskiftelege tider»

I 2019 gjekk mykje rette vegen i Luster kommune. Sjølv om folketalsauken stoppa opp så var det mykje positivt i nærings- og samfunnsutvikling. Kommunerekneskapen, som opptek rådmann litt ekstra, synte eit netto driftsresultat på 28,5 million kroner. Det er 5% av driftsinntektene og gjerne det beste resultatet som me har ført på papiret. I drifta brukte me om lag dei budsjetterte midlane som planlagt. Det som skapte den gode butikken var kraftinntektene, gevinst på aksjefonda, gode skatteinntekter og gunstig pensjonsavrekning.

No vart det likevel slik at me knapt fekk tid til å fordøye dette før situasjonen vart ein heilt annan. Med eit kommunalt utgangspunkt så kan dette omtalast som at både stramprisen og børsen kollapsa, og som ikkje det var nok, så kom Korona.

Kraftinntektene er viktige for Luster og nokså avgjerande for tenestestrukturane i kommunen og kommunen sitt engasjement i nærings- og samfunnsutvikling. Når det gjeld sal av konsesjonskraft så vert truleg 2020 eit år heilt utan gevinst i det rekneskapet, me sel no kraft med relativt store tap. I og med at me har eit opplegg der me sel til spotpris så må me vere budd på svingingar i resultat. Over tid reknar me likevel på ei god fortjeneste på godt over 10 million kroner i året som eit snitt/minimum.

Budsjettet legg opp til at reservane til kommunen, der ein større del er plassert i aksjefond, skal gi ei avkasting på om lag 4-5 million kroner i året. Så langt i år syner det tap i staden for gevinst, uvissa rår og vert påverka av mange forhold, ikkje minst Korona. Korona gir oss ekstra utgifter og me ser at skatteinngangen sviktar. Pr dags dato er det ein svikt på 3,5 million i høve budsjettet.

At 2020 gir oss ein knekk, der me må nytte reserver, er openbart. Samtidig har kommunen takla Korona-situasjonen på ein god måte, lustringane har vore lojale, har stilt opp i høve restriksjonar og konstruktivt akseptert reduserte tenestetilbod. Dessverre så er det ikkje til å unngå negative konsekvensar, alt frå besøksforbod/restriksjonar, utsetjingar, avlysingar



Rådmann Jarle Skartun.

og utfordringar for det lokale næringslivet. Ikkje minst merkar me det no inn i reiselivssesongen som var starta førebuingane til ein god sesong. Staten har sett i verk mange kompensasjonsordningar og nokre vil og hjelpe lokalt næringsliv og kommunen. Kor mykje me får kompensert er eit ope spørsmål, men me må bu oss på at her vert ein større eigendel på kommunen også økonomisk.

Mykje av utfordringane me møter må kallast uføresett, medan nokon sikkert vil meine at kommunen i større grad skulle nytte seg av ulike sikringsforretningar. Det er mulig og vil kunne redusere svingingar frå år til år, men me har gjort vurderingar som syner at me toler svingingar og om ein ser resultatet over ein lengre tidsperiode så er vurderingane at det vil gi eit samla betre resultat. Når me får slike utslag som i år så kan ein sjølvsagt lure på det.

Rådmann si vurdering er at strategien er rett og denne er støtta politisk.

I etterpåklokskapen sitt teikn så må rådmann likevel innrømme at me var for optimistiske hausten 2019. Det skal godt gjerast å innfri inntektsføresetnadane me har lagt til grunn i åra framover. Det er og krevjande å skape forståing for kva årleg driftsnivå kommuneøkonomien er i stand til å forsvare framover. Me ligg no truleg litt over dette nivået. Utfordringa vert å jobbe smartare, digitalisere, søke innovasjon, utvikle inntekter og ev vurdere å ta strukturelle gevinstar. Dette vil møte oss i økonomi- og budsjettarbeidet framover.

Jarle Skartun
Jarle Skartun, rådmann



Marie Torbjørg Fredheim vart tildelt kulturprisen 2019. Her får ho diplommet; Johannes Flintoe sitt motiv «Munthehuset» i Kroken, blome og ein gåvesjekk på 15.000 kroner overrekt av ordførar Ivar Kvalen.

Luster kommune sin kulturpris for 2019

Under opninga av Luster kommunestyre sitt møte, torsdag 19. desember føretok ordførar Ivar Kvalen tildeling av den kommunale kulturprisen. Han presenterte kulturpriskandidaten slik:

Kandidaten vår har vore dirigent for eit skulekorps sidan 1984, i snart 40 år, dvs. meir enn halve livet hennar og største delen av korpset si historie. Jostedal Skulekorps vart stifta i 1975 og har i dag ca. 20 medlemar og spelar på små og store arrangement i bygda og i resten av kommunen. Men korpset deltek og på stemne

rundt i landet.

Korpset er ein del av korpsrørsla i landet vårt, og som historisk må reknast som ein av dei viktigaste kulturskapingane i bygdene våre. Me som nominerer kulturpris-kandidaten ynskjer at dirigenten vår skal få kulturprisen for den fantastiske innsatsen ho har gjort for korpset og alle ungane ho har lært opp til korpsmusikantar.

Kvart 2. år vert det teke opp nye aspirantar og dirigenten vår «tek dei i lære» - stadig like optimistisk, iherdig og tålmodig. Dirigenten vår har gjort ein innsats som på ingen

måte kan målast gjennom den godtgjeringa ho får. Me ynskjer difor at dirigenten vår kan ta i mot kulturprisen som ei påskønning og som ei takk for innsatsen – men også som representant for ein viktig del av kulturlivet i Luster kommune.

«Kulturprisen skal altså ikkje reknast som tilskot til planlagde oppgåver, men som ei påskønning. Og det er med bakgrunn i dette at Luster kommune i år har vedteke å gje kulturprisen til deg Marie Fredheim.»

Gratulerer med nytt skulebibliotek, Gaupne skule!

Gaupne skule har inntil januar 2020 nytta Luster bibliotek som sitt skulebibliotek, no treng ikkje elevar og tilsette lenger krysse skuleplass og vegar for å gå på biblioteket. Med skulebiblioteksamling på hemsan over aulaen og i korridoren utanfor klasseromma er det kort veg til å låne seg ei bok.

På opningsfesten var det underhaldning med hornmusikk og song. Sjølvsaft blei det også gåveoverrekking, helsingar og utdeling av premiar til dei tre flottaste bidraga i bokmerkekonkurranse.

Arbeidet med å etablere skulebiblioteket er finansiert av midlar frå Undervisningsdirektoratet. Mesteparten av inventaret er skaffa etter prinsippet "gjenbruk", mellom anna gjennom finn.no og arva utstyr frå Luster Sparebank. Skulebibliotekaren, Maja Engelke, har stått på med iver og kunstnarleg kløkt heilt sidan skulestart i august, for å bygge opp biblioteket; registrering og istandsetting av boksamlinga og å skape trivselsrom. Med seg har ho hatt målehjelp av rektor Linda Røhme for å pusse opp gamle bokhyller; lærar Einvald Erichsen har snekra kassar og hyller til eksponering og elles vore kunstnarleg rådgjevar. Uglar er gjennomgangstema i dekoren. Ho viser veg



Opning av skulebiblioteket. Snorklypping ved elevrådsleiar Stina Gunnestad.

frå trappa opp til lesestua under kunnskapstreet på hemsan. Ein kan finne ho att fleire stader i biblioteket og jamvel på to av bokmerka, som elevane har teikna.

Status for skulebibliotekutvikling i Luster kommune

Prosjektmidlane, kr 380.000 frå Udir er øymerka arbeid med skulebibliotek og lesestimulering. Det er rekna 30% eigenandel. I 2019 og 2020 Har fleire ressurspersonar innan norskfaget på skulane, samt tilsette og vikarar ved folkebiblioteket, delteke på kurs og fagkonferansar for kompetanseutvikling innan lesing og litteraturformidling, også med fokus på fagfornyninga i skulen.

Etter ferdigstilling av skulebiblioteket på Gaupne skule, har alle grunnskular, med unntak av Luster ungdomsskule, eige skulebibliotek med skulebibliotekar. Ein har kome i gang med planarbeid for skulebibliotekteneste med Luster ungdomsskule. Truleg vil skulen halde fram med eit utvida samarbeid med folkebiblioteket. Samstundes blir det jobba med å etablere eit godt nærtilbod av bøker på skulen.



Bokmerke teikna av elevar ved skulen. Biblioteket har servicetid fem timar i veka, tysdag og torsdag, med skulebibliotekaren, som er tilsett ved Luster bibliotek. Med automatisert, sjølvbetent utlån er det alltid mogleg å låne.

17. mai

17. mai-feiringa i år var annleis. Ikkje barnetog og ikkje store forsamlingar, men korpsa spelte fleire plassar, så stemning vart det likevel. På mange vis vart det ein fin og historisk feiring, som nokre innbyggjarar har delt med oss. På framsida av Lustranytt ser me kontrastastane i kor langt våren er komen på Skjolden og i Krundalen i Jostedal. Folk held avstand, men har likevel eit fellesskap.



Gaupne barnehage feirar 17. mai, med korpsmusikk og hurrarop frå dei ulike gruppene (kohortar som det vert kalla i Koronat)



Barnehageborn i Luster vinkar og syng til dei eldre på omsorgssenteret.



Hafslo skule feirar på førehand og går i tog, med avstand.



Flott skyss i Krundalen, foto: Hege Osnes.




terminologi). Foto: Christian Blom.



På Hafslø var mange samla til skramletog, foto: Kari Anne Skjerven Afdal.



Rosaruss i Morkki, foto: Kathrine Vikøren Myre.



På Sørheim hadde dei natursti og andre leikar, foto: Hilde Bokasp Lerum.



Gaupne skule- og ungdomskorps, foto: Knut Åge Teigen.



Ordførar sa før 17. mai at alle barna måtte få is på 17. mai. Gaupne barnehage ordna eigen isbil til si feiring.

Barnehage og skule i koronatida

12. mars 2020 er ein dag som vil verta hugsa i nyare norsk historie. Denne dagen innførte regjeringa dei sterkaste og mest inngripande tiltaka Noreg har hatt i fredstid. Barnehagar og skular på alle nivå vart stengde i første omgang for to veker, det vart forbode med kultur- og idrettsarrangement, reiste du inn i Noreg fekk du karanteneplikt, det kom påbod om heimekontor og mykje meir. Landet var brått inne i ein ny tidsalder – koronatida.

Bakgrunnen for dei omfattande tiltaka var å hindra spreiding av Covid-19-viruset og å bidra til å oppretthalda naudsynte helse- og omsorgstenester. Frå ein dag til ein annan vart barnehage- og skulekvardagen og fritida heilt annleis for barn, føresette og tilsette. Barnehagebarna måtte vera heime, og elevar og lærarar måtte bu seg på fjernundervising og kommunikasjon hovudsakleg gjennom digitale verktøy. Det vart gjort unnatak for to grupper med barn; barn med særlege omsorgsbehov og barn av føresette som arbeider i helse- og omsorgstenesta og i andre kritiske samfunnsfunksjonar. Desse gruppene av barn og elevar hadde krav på eit tilbod fysisk i barnehagen og skulen. Føresette generelt fekk ein krevjande situasjon med kombinasjonen heimeskule og heimekontor. For alle var det ein unntakssituasjon prega av sosial distansering, hyppig handvask og andre smittevernsråd.

I heile koronaperioden har det vore viktig med oppdatert informasjon om korleis ein skal handtera situasjonen og kva råd ein skal følgja.



4. klasse i kø for å vaske hender, Hafslø barne- og ungdomsskule.

Kommunen oppretta snøgt eiga informasjonsside om korona som vart oppdatert jamleg

etter kvart som regjeringa, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet kom med nye



reviderte smittevernråd eller når det var trang for oppdatert lokal informasjon. Vidare var

det viktig med informasjon frå den enkelte barnehage eller skule til både tilsette, føresette

og elevar. Ofte var det trong for interne avklaringar om korleis ein skulle tolka og praktisera

smittevernråda. Kommunelegen har stilt velviljug opp og delteke jamleg på leiarmøte i tillegg til å svara på spørsmål via telefon og epost. Å få helsefaglege råd var til veldig stor hjelp i denne perioden og heilt naudsynt.

Stengde barnehagar

I perioden 13. mars–20. april kor barnehagane var stengde, var det på det meste 12-13 barnehagebarn som hadde eige tilbod i barnehagane, fleirtalet av desse var barn av føresette med samfunnskritiske funksjonar. Dei aller fleste barnehagetilsette hadde i denne perioden heimekontor og jobba godt med litteratur, fagfordjuping, handlingsplanar og praktisk arbeid. I tillegg vart det rydda og vaska grundig i barnehagane med mål om at jobben som vert gjort i den stengde perioden skulle gagna barnehagebarna når dei fekk koma attende til barnehagen. Sjeldan har barnehagen og leikene inne og ute vore så skinande reine.

Personalet og leiing hadde også telefonisk kontakt med føresette for å høyra korleis det gjekk i den stengde perioden. Både frå barnehagane og skulane var attendemeldinga at føresette i stor grad takla situasjonen greitt, var støttande og positive trass i at det kunne vera utfordrande med heimekontor, barn i både barnehage- og skulealder og uro for eigen jobbsituasjon. Det har vore «dette-klarar-me-saman»-innstilling og dugnadsvilje på alle nivå.

Fjernundervisning i skulen

Sidan skulane var stengde måtte lærarane tenkja nytt om arbeidsmåtar, bruk av læremiddel og undervisningsopplegg. Både lærarar og elevar måtte i mykje større grad enn før ta



Uteleik i koronatida, Gamlestova barnehage.

i bruk digitale hjelpemiddel. Lustraskulen har i fleire år vore brukarar av Office 365-verktøya OneNote og Teams – det gjorde at startgrunnlaget for svært mange var godt – men no fekk bruken av desse digitale programma eit kraftig oppsving. Chat, videomøte og digitale innleveringar vart fort ein innarbeidd del av skulekvardagen, ikkje minst for dei eldre elevane. På det digitale området har det vore både nybrottsarbeid og generell kompetanseheving som heilt

sikkert vil vera til nytte og i bruk når skulelivet vonleg normaliserer seg neste skuleår.

Planarbeidet har vore sentralt med dags- og vekeplanar. Det har vore mykje pedagogisk diskusjon om omfanget av arbeidet heime og type arbeidsoppgåver. Delingskulturen mellom lærarane og mellom skulane har fått eit løft. I skulen er det viktig med mengdetrening i høve ferdigheiter som lesing, skriving og rekning, men det skal også vera rom for variasjon,

kreativitet og nysgjerrigheit i undervisninga. På dette området har det blitt gjort mykje bra i dei stengde skuleveke der både elevar og lærarar har laga filmar – t.d. YouTube-film om vårteikn – aktivitetshafter, turbingo, praktiske aktivitetar i heimen eller nærområdet, spretne gymøvingar som parkour og tik-tok-dans.

På same måte som i barnehagen var det i den stengde perioden ein del barn som fekk tilbod på skulen, anten fordi dei trong ekstra oppfølging eller fordi føresette arbeidde i samfunnskritiske funksjonar. Skulehelsetenesta, PPT og barnevernet har vore ekstra viktige samarbeidspartnarar i

perioden med stengde skular. Det har vore felles fokus: å hjelpe dei barna som treng det mest.

Opne barnehagar og skular

Barnehagane opna att 20. april medan skulane opna gradvis, først 1.-4. trinn frå 27. april og alle klassesteg mellom 11.-15. mai. Regjeringa la fram smittevernsretteljarar med klare råd som måtte følgjast. Både barnehagane, og etter kvart SFO, laut ha redusert opningstid – 7,5 timar i barnehagen – for at det skulle vera praktisk mogleg å innfri smittevernsreglane.

Å koma attende til barnehage og skule var ei stor glede både for barna og dei vaksne, men

det innebar også å innordna seg nye reglar. Kohort vart eit nyord som alle tok til å bruka, og gjald kor mange barn og vaksne som kunne vera saman i ei gruppe. Det var reglar for handvask, vask av utstyr, kontaktflater, toalett og leikeutstyr, reglar for avstand, kor lenge ein kunne vera i lag og på kva område ein skulle vera. Mykje nytt på ein gong, reglar som vart innført brått. Her har dei tilsette i barnehage og skule synt umåteleg stor fleksibilitet og evne til å snu seg rundt fort. I og med at alle nye reglar fekk så mykje å seia for arbeidsmiljøet og arbeidsvilkåra, var det vesentleg å ha god dialog med tillitsvalde og verneombod.



1. klasse på besøk hjå geitekillane til Oda, Brede og Kristina Melheim.

Skulestart for 1.-4.klasse etter korona-stengt på Hafslo

Det var veldig kjekt å få elevane tilbake til skulen etter korona-stenging. Me i 1.-4. klasse var veldig spente på korleis det skulle bli med kohortar, holde avstand, inndeling i soner og om

elevane kom til å klare å hugse på alt. Men det gjekk over all forventning og me har hatt gode veker på skulen der me har måtta tenke «utanfor boksen». Me har vore på tur og bl.a. sett på geitekillingar

og kyllingar, me har hatt ulike uteskuleopplegg, me har hatt «vanleg» skule i klasserommet og me har feira 17. mai med tog, leikar, pølser, is og korps.



Når skolane opna vart det meir sykling, både til-og-frå skulen og i skuletida med utfluktar. Her frå Hafslø barne- og ungdomsskule.

Utebarnehage og uteskule

Det var også trong for meir areal, ikkje minst faste uteområde. I Gaupne var ein så heldige at ein fekk nytta Parken som fast tilhald for ei gruppe barn. Stor takk til Parken for det! I det heile teke har det vore mykje utebarnehage og mykje uteskule etter at barnehagane og skolane opna att. Dette verkar det som både barna, føresette og tilsette har sett pris på, noko også desse kommentarane og sitata frå barn i Gamlestova barnehage tyder på, der dei har vore mykje ute på sykkeltur med el-syklane sine:

- Heia, heia, heia!
- Fortare, køyr fortare!
- Er du sleten no? (til ein av dei vaksne)
- Det er godt å vera akkurat meg, akkurat no, akkurat her.



Kjekt på tur med el-sykkel på Veitastrand.



Oppmuntring, motivasjon og trivsel

I ei unntakstid som koronatida verkeleg har vore, så lyt ein halda motet oppe og motivera for at samfunnet etter kvart returnerer til ein normaltstand. Barnehagane og skulane har gjort ein masse tiltak for å oppmuntra og gje kveik til pågangsmot og trivsel, ikkje minst opp mot 17. mai-feiringa vart det vist mykje kreativitet.

Mellomtrinnet i Solvorn heiv seg på den internasjonale aksjonen med å teikne/måle regnbogar og henge dei i vindauga heime hjå seg sjølve. Bodskapen er at «alt går bra» - eit positivt innslag i alt det alvorlege som hende rundt oss i verdsamfunnet. Resultatet vart mange flotte og fargerike regnbogar i vindauga i Solvorn.

I ei spørjeundersøking som Oppvekst gjennomførte med lærarane i lustraskulen seier det store fleirtalet av dei spurde at det mest utfordrande i perioden har vore stor usikkerheit over kor lenge stenginga skulle gjelda og kva reglar som gjaldt. Attendemeldiga er også at det har gått overraskande bra og at elevar, føresette og kollegaer har vore positive og fleksible.



Fargerikt håp i vindauga, Solvorn oppvekstsenter.

«Korona-barnehagen» har fått gode skussmål av mange føresette både nasjonalt og lokalt; bemanninga har vore betre grunna kortare opningstid, det har vore færre konfliktrar, barna har vore mykje ute og både vaksne og ungar er meir nøgde.

No mot slutten av semesteret er det tid for å oppsummera både i barnehage og skule kva ein kan ta med seg vidare av haldningar, organisering og verktøy frå denne perioden. Det vert spennande å sjå dei pedagogiske effektane av denne særmerkte tida.



Kongeskipet Norge i morgonsol på Skjolden. Foto: Eli Hansen Moen.

Alt klart for strandfest, ventar berre på bade-gjestane.



Barna har vore mange turar til stranda på forskarturar.

Livet i og rundt fjorden

Kvart år har Skjolden oppvekstsenter avdeling barnehage eit gjennomgåande tema som me arbeider med på ulike måtar. Dette barnehageåret er temaet «Livet i og rundt fjorden».

Barnehagen har nærleik til vatn og strand og har gode høve til å oppsøkje dette. Sidan oppvekstsenteret i år har ekstra fokus på kultur og kreativitet, så såg me at dette er eit tema som me enkelt kunne vera oppfinnsame rundt.

I haust brukte me mykje tid på strandi i mindre grupper og hadde med bøtter og spadar. Me kan nok seie at kvar stein på Skjolden vart snudd på jakt etter tanglopper. Gjennom året har barna fått jobba med ulike materiale når dei har laga ting som lever i fjorden. Me har sett på – kjent på – smaka på ting frå fjorden.

I februar brukar barnehagen å ha ein vinterfest. Dei seinare åra har me knytt eit aktuelt tema opp mot denne festen slik at den blir fletta inn i det me elles driv med. Valet i år vart enkelt, me måtte ha ein strandfest. Me ønskjer ikkje å skape noko kjøpepress, her kunne ein enkelt finne noko heime. Det er kjekt med eit avbrekk i kvardagen, som det å gå på strandi i februar.

Sidan oppvekstsenteret har fokus på berekraftig utvikling fall det naturleg at me måtte ha ein samtale med barna om at det ikkje var lov til å kaste søppel på strandi. Barna var opptekne av at fiskane kan få plast i magen og at dei kan døy. Til våren skal me ut i nærområdet på ryddedag, og då er det naturleg at me også ryddar plast og anna søppel i strandområdet.



Elevar frå 5. klasse lærer korleis dei kan karde ulla.

«Den naturlege skulesekken»

Inneverande skuleår har Gaupne skule fått prosjektmidlar frå Naturfagsenteret for å delta i Den naturlege skulesekken. Den naturlege skulesekken er ein sentral del av ei nasjonal satsing som skal stimulere til berekraftig utvikling. Det overordna målet er å få grunnskular og vidaregåande skular til å utvikle undervisning der elevane skal delta aktivt, påverke og bidra til ei berekraftig framtid. Undervisninga skal inkludere fleire fag, og ein vert oppmoda til å få med alle fellesfaga i undervisningsopplegga.

Gjennom deltaking i Den naturlege skulesekken får skulen økonomisk støtte til fagleg og didaktisk påfyll og rettleiing. Deltakaraskulane blir følgt opp av Naturfagsenteret og

regionale kontaktar, og får delta på både nasjonale og regionale samlingar.

Den naturlege skulesekken har som mål «å medverke til at elevane som framtidige arbeidstakarar får kunnskap og medvit om berekraftig utvikling og miljøutfordringane på kloden, og blir i stand til å forstå og utvikle løysingar på miljøproblema i dag og i framtida»

Gaupne skule sitt prosjekt
Me har kalla prosjektet vårt for «Berekraftig lokal matproduksjon». Målsetjinga vår er at elevane våre gjennom praktisk arbeid og teori skal utforske korleis matproduksjon kan skje lokalt, på ein berekraftig måte. Elevane våre skal ta aktivt del i potetproduksjon (skuleåker), fruktplanting i eigen hage, drive tilsyn og sank av småfe på utmarksbeite, delta i saueslakting saman med ein

slaktar, tileigne seg kunnskap om lokal matproduksjon gjennom hundre år og tilverke eigenprodusert mat.

Kva er så berekraftig matproduksjon? Me på skulen meiner at berekraftig matproduksjon er å så og hauste av det me kan dyrke ut frå kva topografi, jordsmonn og klima me har. I tillegg til å hauste av det naturen byr på.

Gjennom tusenvis av år har me plukka ville bær og drive jakt på dyr. Seinare kom husdyra og utnytta beitegraset. Åkerbruk med vekstskifte i kombinasjon med beitedyr som et planter me menneske ikkje kan utnytte, har vore det viktige grunnlaget for menneska her i Sogn. Dette er oftast ureist og kortreist mat som er berekraftig. Husdyr gjev oss viktig kjøtt og ikkje minst viktig gjødsel til åkerbruket.

På skulen vår har me laga ein plan for kva små- og mellomtrinnet skal gjennomføre av aktivitetar i løpet av eit

skuleår. Nokre klassar er ivrigare enn andre, men alle klassane har gjort noko i høve prosjektet! I haust reiste 4. og 5. klasse til frukthagen på Talla. Der plukka dei plommer og pærer som seinare vart til nydeleg syltetøy. Når ein jobbar utandørs må ein vere budd på alle vêrtypar. Elevane fekk merke at «sør-vesten» ofte byr på regn, og alle fekk testa regnkleda sine.

Elles har me følgt eit saueliv frå «vogge til grav». Klassane våre har vore på besøk til fleire gardar i bygda og besøkt dei søte nyfødde lamma. Sjølv i desse koronatider vart det høve til litt kos med lamma. Sauesanking med påfølgjande slakting er allereie ein fast tradisjon ved skulen, og Torodd Kvam er fast sjefs-slaktar. Museet på Kaupanger er og ein god samarbeidspartnar. 5. klasse besøkte museumsgarden deira i haust. Dei lærte mykje om gardsdrift, og tykte at opplegget deira rundt ull var så flott at dei meinte at dette var noko resten av elevane ved skulen burde få vere med på og. Tilsette ved museet takka ja til invitasjonen til å komme på besøk til oss, og me er sær s leie oss for at det planlagde besøket deira måtte avlysast grunna skulestenging. Dette er noko me håpar å få gjennomført seinare.

I haust fekk alle heimane tilbod om å kjøpe frukttre eller bærbusker til subsidierte prisar. Nokre valde og å bestille setjepoteter som skulle setjast i jorda no i vår. Bakgrunnen for at me prioriterte å bruke litt av prosjektmidlane våre til dette, var at me ynskte å stimulere til aktiv såing og hausting i eigen hage. Målet er at ikkje berre elevane, men også dei heime skal verte meir medvitne på kva dei et og drikk. Me ynskjer å syne at det er fullt mogleg å dyrke og skaffe sin eigen mat lokalt,



For å få tak i den beste frukta, må ein ofte klatre høgt.

dersom ein orkar å bruke tid og krefter på det.

Me ser fram til ein god vekstsesong og førebur oss til ein travel haust med sanking og hausting. Håpet er at avlinga i skuleåkeren kan bidra til ureiste «pote-kaker» og gode potetmiddagar på skulekjøkenet!

Eit overordna mål er at elevane skal ha ei aktiv rolle i dette arbeidet. Her ser de eit intervju Sivert og Tilde gjorde med nokre fjerdeklassingar i skuleåkeren:

«Fem kjappe i åkeren» - saman med Eric, Trygve, Smilla, Malin og Steffen.

- Kva mat dyrkar de heime? Poteter, gulrøter, jordbær, tomater, avokado, paprika, og sukkererter. Tilde sine sauer et

gras og gjev oss kjøt.

- Kva mat har de laga på skulen? Pinnekjøtt, kålrotstappe, plomme- og pæresyltetøy.
- Kva tykkjer de om å dyrke dykkar eigen mat? Det er kjekt å ha noko å gjere på, og det er moro å sjå plantene vekse. Me treng heller ikkje kjøpe så mykje av det me et, me sparar miljøet og det er lett vint å hente maten i hagen.
- Kor lang tid tek det å dyrke mat? Salat og reddik er lett vint og raskt å dyrke. Jordbær, poteter og avokado tek lang tid å dyrke.
- Kva tykte de om pære- og plommeplukkinga på Tallagarden? Det var kjekt, me plukka mykje med oss tilbake til skulen og åt ein del undervegs.

Teatermusikalen «Jostedalsrypa»

5. desember 2019 drog 8a og 8b ved Luster ungdomsskule til Sogndal for å sjå Sogn og Fjordane Teater si oppsetjing av «Jostedalsrypa».

Det å reise på teater er ikkje berre enkelt for oss som bur så spredt. Derfor vil me nytte høvet til å takke dei føresette – de frakta oss heim med godt humør seint ein vanleg arbeidsdag.

De er aldri vanskelege å spørje, derfor kan det hende me kjem til å prøve oss fleire gonger.

Me vil også takke Erling Bjørnetun som er kontaktperson for Den kulturelle skulesekken i kommunen vår. Han sørge for billettengar og rabatt. Tusen takk!

Utan mat og drikke – duger lustringen ikkje. Marthe si tomatsuppe smake godt før bussturen. I Sogndal snopa me litt før forestillinga. I følgje



- Eg tykte Reidun Melvær Berge gjorde ein bra jobb i rolla som Jostedalsrypa, fortel Øyvind Hoel i teatermeldinga si.
Pressefoto: Teater Vestland/David Zadig/Espen Nytingnes.

lærarane var det lett å reise på tur med oss, derfor treng ikkje å vere bekymra når Korona-tida er over, og me dreg på nye eventyr.

Me takkar med nokre teatermeldingar, så kan de som

les få «smake» litt på det me opplevde, og få del i tankane etterpå.

Klasse 8a og 8b, Luster ungdomsskule.

Jostedalsrypa – ei teatermelding av Øyvind Hoel

Me på åttande trinn var i Sogndal og såg Sogn og Fjordane Teater sin versjon av Jostedalsrypa no i desember. Musikalen var relativt enkelt laga, alt gjekk i ei akt. Maria Tryti Vennerød har dramatisert teateret, basert på det gamle segna, men det er av og til ganske ulikt. Jostedalsrypa handlar om ei lita jente som var den einaste frå Jostedalen som overlevde svartedauden.

I segnet om Jostedalsrypa kjem det eit skip til Bergen. På skipet er det døyande sjøfolk som er smitta av rotter med pest. Når skipet kjem til land, dreg dei med seg pesten inn i Bergen. Heile Noreg blir forbanna av Svartedauden, og dei rikaste folka i Sogn må flykte opp i Jostedalen. Men pesten lurar seg likevel opp i dalen. Alle

døyr utanom ei lita jente, Jostedalsrypa. Til slutt blir ho henta av nokre Nordfjordingar som hadde komme over breen. I teateret, er starten ganske lik som i segna. Pesten er komen til fjorden, så ho blir sendt opp i dalen av far sin. Ho skal bu hos nokre slektningar, men omsider døyr dei også. Då er Jostedalsrypa heilt åleine. Ho møter nokre dyr, som ho blir kjend med. Til slutt, når våren kjem, blir ho henta av far sin.

Eg har budd i Jostedalen heile livet mitt, så eg har mange gonger vore borti segnet om Jostedalsrypa. Det var ein del ting som var ulikt. Det fyrste eg og venen min (som òg er frå Jostedalen), vart overraska over, var korleis dei framstilte oss jostedøler på teateret. Sogn og Fjordane teater har framstilt

jostedølene som små troll med stor nase og store hender. Eg har ikkje akkurat sett nokon troll rekande rundt på Joker Jostedal. Ein annan ting som var ulik, var at til slutt vart Jostedalsrypa henta av far sin, ikkje av folk som kom over breen frå Nordfjord. I teateret var det også mange ulike ville dyr med, alt frå lomhundar til «discohjortar».

Fleire av karakterane var kledd ganske moderne. Dei hadde ikkje akkurat klede som dei kunne hatt i 1349. Kostymedesignaren Dordi Strøm hadde laga mange av kostyma litt for moderne, etter mi mening. Mange av dyra i teateret var små dokker som vart styrte av kvitkledd folk. Dei kvite draktene matcha dei kvite snøkulissene, slik at det

var enkelt å sjå dokkene og vanskeleg å sjå personane som styrte dei. Dordi Strøm har vore veldig kreativ og flink med dokkene, men som sagt, dei andre karakterane tykkjer eg var litt for moderne kledd.

Eg tykte Reidun Melvær Berge gjorde ein bra jobb i rolla som Jostedalsrypa. Julian Skar hadde komponert fin musikk, og Kåre Sandvik styrte orkesteret bra. Musikken i teateret skifta mykje, når det var spanande auka volumet, og i dei triste delane var musikken naturlegvis trist

og dempa. I teateret var det også mange forskjellige lydeffektar, som vart styrte av Robert Tomkiewicz.

Det eg likte best med teateret var måten dei framstilte pesten på. Når nokon vart sjuke, kraup dei skrikande rundt på golvet og hendene deira vart svarte. Ein annan kreativ detalj, var at fingrane til dei som hadde pesten kunne bli rivne av. Eg likte også ideen med «diskohjorten» som eg har skreve om tidlegare. Det var altså ein hjort, kledd i ei sølvfarga paljettdrakt. Hjorten

kunne ta med seg dei som hadde døydd til det magiske landet (dødsriket).

Alt i alt tykkjer eg Sogn og Fjordane Teater har gjort ein god jobb, lyset, lyden og kulissane var satt saman til ein fin musikal. Men etter mi meining kunne forfatarane ha halde seg litt meir til det tradisjonelle segnet. Eg vil gi teateret terningkast 5.

Øyvind Hoel, klasse 8a.

«Romeo og Juliet» på engelskplanen på Luster ungdomsskule

Når eit nytt skuleår startar må lærarane bestemme seg for emne som skal lesast i faga. I år vart hovudemna innan engelsk litteratur; Shakespeare sitt udødelege «Romeo and Juliet» og John Green sin fantastiske roman «The Fault in Our Stars». Desse to har mange likskapar, sjølv om det er rundt 400 år mellom dei. I skrivande stund har elevane levert inn eit lengre skriftleg arbeid der dei samanliknar desse to kjende verka. Dei har lese romanen på engelsk og jobba mykje med til dømes litterære verkemiddel, og forfatarane.

Det passa som hand i hanske at Riksteateret skulle vitje Sogndal med ein moderne versjon av kjærleikssoga til dei to unge frå Verona. Men kvar skulle skulen ta pengane frå? Ein kommune og skule har alltid mykje å bruke pengar på, derfor søkte me billettmidlar på andre måtar. Det var ikkje vanskeleg denne gongen, for når ein har teatervenner greier me å reise på «levande teater» som ein elev sa.

Gleda var stor då meldinga kom: «Vi kan med glede støtte

dette flotte tiltaket!

Luster ungdomsskule får sponsa inntil 48 billetter til kr 225. Med dette tenkjer vi at alle elevane får gratis billett. Vi håpar dette vert ei god teateroppleving for alle! Med venleg helsing styret i Teatervenner Sogn». Og laurdag 16.november sat heile 10. trinnet på rekke og rad i Kulturhuset i Sogndal.

Skyssen er alltid ei utfordring for oss i Luster – det er langt frå Kreden til Kroken, men dei føresette frakta oss fram og attende. Det er ikkje vanskeleg å vere lærarar eller elevar når me har slike gode hjelparar.

Så no takkar me dei føresette



Herbert Nordrum og Hanna-Maria Grønneberg som Romeo og Juliet
Foto: Riksteateret/ Trine Hisdal.

og Teatervenene i Sogn for denne fantastiske opplevinga.

Sagt om teaterstykket «Romeo og Julie»:

William Shakespeare si tragiske kjærleiksforteljing frå slutten av 1500-tallet har blitt ein inspirasjon for nesten alle historier me kjenner om ung og umogeleg kjærleik TV, film, bøker og teater. Når Riksteatret og Nationaltheatret går saman om å spele originalhistoria, er det med et stort ensemble og sett i scene av ein av Noregs mest ettertrakta regissørar Sigrild Strøm Reibo. I hovudrollane fann me Hanna-Maria Grønneberg og Herbert Nordrum.

Veitastrond skule gjekk for borna i Uganda

I vår hadde me besøk av Bjørn Skovly på skulen på Veitastrond.

Bjørn samlar inn pengar til born i Uganda, og har i sommar eit prosjekt der han går for born i Uganda. For kvar km han går har han fått sponsorar som gjev eit visst beløp. Bjørn er no oppe i 120 kr pr km. Til saman håpar han å gå 1000 km på 100 dagar slik at han får inn over kr 100 000 til prosjektet sitt.

Bjørn var fyrst inne i skulen hjå oss der han fortalde om arbeidet sitt. Me fekk blant anna vita at for ca 1,50 kr så får eit barn to skulemåltid for



Elevane går saman med Bjørn Skovly.

dagen i Uganda. Elevane var så med Bjørn ut på tur. Me gjekk tilsaman 5 km, og tjente inn kr 650 til prosjektet hans. Kr 650 tilsvarar at over 400 born i Uganda får to skulemåltid på ein dag.

Det var interessant for ungane å høyra om prosjektet til Bjørn, og veldig fint å få sjå i praksis kor lite som skal til for å hjelpa mange i land som ikkje har det så godt som oss.

Ny generasjon på Veitastrond

I år er det 7 elevar på barneskulen på Veitastrond.

6 gitar og 1 jente.

Til hausten byrjar det 4 elevar i 1.klasse slik at det til neste år vert 10 elevar på skulen.

Det er 15 år sidan sist det var eit så stort 1.klassekull på Veitastrond.

Endå betre er framtidsutsiktene om ein ser på tal ungar under skulealder.

I barnehagen på Veitastrond vil det til neste år vera 12 ungar, og tal skuleelevar vil komma over 20 nokre år fram i tid. Me gler oss stort over den positive utviklinga me ser på Veitastrond no, og ser lyst på framtida.

Kari Sønnesyn 100 år

30. desember var eg så heldig å få delta i Kari Sønnesyn sin 100 årsdag, fortel ordførar Ivar Kvalen til Lustranytt.

Dagen vart feira på Gaupne omsorgsenter, med barnebarn, oldebarn, familie, slekt og venner.

Kari er født på garden Josvang på Indre Hafslø som eldst av 2 sysken. I 1951 gifte Kari og Sverre seg og i 1953 flytte dei inn i nytt hus på Sønnesyn. Her budde Kari heilt til ho flytte inn på omsorgssenteret i Gaupne for ikkje så lenge sidan.

Kari er ein utruleg sprek og blid hundreåring, ho held seg dagleg oppdatert på nyhende i inn- og utland og ho er levande interessert i alt som skjer i kommunen vår.

Ekstra kjekt var det å få feire denne store dagen med oldeborna og barnebarna, sa Kari til meg.

Luster kommune gratulerer Kari Sønnesyn med den store dagen.





Deltakarane på oppstart-samlinga i County Clare, Irland, november 2019.

STEAMING – nytt Erasmus+-prosjekt for lustraskulen

Hausten 2019 byrja eit nytt treårig Erasmus+-prosjekt der Luster kommune deltek med Hafslo barne- og ungdomsskule, Gaupne skule og Luster ungdomsskule. Prosjektet vert kalla STEAMING (*Science Technology Engineering Art Math*) og er i hovudsak eit realfagsprosjekt der også kunst og handverk inngår.

Dette prosjektet høver godt tematisk inn med satsinga på teknologi, programmering, meir relevant opplæring og praktiske arbeidsmåtar i fagfornyinga – det nye læreplanverket som vert gjort gjeldande frå skulestart 2020.

Forutan Luster deltek også tre av partnerane frå førre Erasmus+-prosjekt - Clare Education Centre i Irland, Osnova skola Matije Gupca - ein skule utanfor Zagreb, Kroatia, Direktoratet for grunnskuleutdanning i vestre Thessaloniki, Hellas - og ein ny partner; Agrupamento de Escolas Carlos Gargate, ei grupp med tre skular utanfor Lisboa, Portugal. Frå Irland deltek også lærarskulen Mary Immaculate College i Limerick som

partner. Som i førre Erasmus+-prosjekt er Clare Education Centre koordinator og leiar av prosjektet. Prosjektet vert støtta økonomisk gjennom EU sitt utdanningsprogram Erasmus+. Luster si deltaking vert støtta med omlag 700 000 kr over tre år.

Oppstartsamlinga vart gjennomført i november 2019 i Ennis, Irland. Der deltok kommunalsjef oppvekst og fem lærarar frå dei tre deltakande skulane i Luster. Ved kvar samling vert det halde eit fem-dagars-lærarkurs inkludert skulebesøk. På denne måten medverkar samlinga til kompetanseheving for deltakande skulane og lærarane. I prosjektet skal partnerane gjennomføra ein såkalla case study, det vil seia eit utviklingsarbeid som skal dokumenterast gjennom ein eigen rapport og ein videofilm.

I samband med prosjektet vil det også verta halde to opne lærarkurs der også skular utanom partnerane kan søkja om å delta.

Samlinga i Luster avlyst grunna korona
Luster kommune skulle etter



Lærarane Åsmund og Kjersti vart tekne godt imot då dei vitja den irske skulen.

planen vera vertskap for samlinga og lærarkurset første veka i juni 2020, men denne samlinga måtte diverre avlysast grunna koronasituasjonen. I staden har partnerane hatt møte og samlingar på video, på det meste 22 deltakarar frå fem land, via programmet Zoom. Neste samling er planlagt i Kroatia i november 2020, og det vert spennande å sjå om denne kan gjennomførast på vanleg måte.

Prosjektet si nettside er: www.steamingproject.eu

Luster fritidsfond

Frå hausten kan alle barn og unge i Luster kommune som lever i låginntektsfamiliar søkje om å få støtte til å delta på fritidsaktivitetar. Luster kommune og Luster Sparebank har bidrege med 50 000 kr. kvar i samband med oppstart av fondet.

Kven kan søkje om støtte?

Barn og unge i alderen 6–18 år som bur i Luster kommune og lever i familiar der økonomien er til hinder for deltaking i organiserte fritidsaktivitetar.

Ungdom over 18 år med nedsett funksjonsevne og særskilde behov er og innafor målgruppa.

Føresette - slik gjer du det

1. Har barnet ditt lyst til å delta i ein aktivitet, ta kontakt med trenaren/leiareren for aktiviteten og spør om han/ho kan søkje om å få dekke utgifta gjennom Luster fritidsfond.
2. Trenaren/leiareren kan då søkje om støtte på vegne av barnet.
3. Dersom søknaden vert



innvilga, vil fondet betale utgifta direkte til klubben utan at klubben gjev opp informasjon om at det er din familie dette gjeld. Søknaden er heilt anonym og det er berre du/din familie og trenaren/leiareren som veit at de har fått dekkja utgifta via Luster fritidsfond.

Det er sett ned eit fondstyre som vert handtert av Luster kommune. Fondstyret består av deltakarar frå både offentleg sektor, frivillig sektor og næringsliv, og dei skal vurdere søknaden og tildele etter gjeldande retningslinjer.

Spleiselag

Luster fritidsfond vert finansiert gjennom pengeinnsamling ein eller fleire gonger pr. år og me set pris på små og store gåver og donasjonar frå private bedrifter og enkeltpersonar. Dersom det er nokon som ynskjer å gje midlar til Fritidsfondet, slik at barn og unge frå låginntektsfamiliar skal kunne delta i fritidsaktivitetar er det veldig flott. Dette betyr veldig mykje for mange.

Du kan sette inn pengar på fondet sin konto:
3785 07 00142

NB! Merk innbetalinga med: prosjektnr. 20007, Luster Fritidsfond.

Eller du kan bruke Vippsnr: 596521. Hugs å skrive kven innbetalinga er frå.

(Fondet blir handtert administrativt av Luster kommune).

Meir informasjon vil kome på Luster kommune si heimeside.

Aktiv Alderdom



Lurer du på:

- Kva tilbod og aktivitetar finst for meg i Luster?
- Korleis kan eg bidra?
- Kva er transporttilbodet i Luster?
- Er du pårørende og har behov for informasjon

Dette og meir finn du svar på i modellen.

Finn alt på ein stad!

Du kan enkelt trykke deg inn på aktuelle tema, så får du oversikt over alt samla på ein stad.

Modellen er like aktuell for deg som pårørende, innbyggjar eller du som jobbar i kommunen.

Du finn modellen på Luster kommune si heimeside. Gå inn på: www.luster.kommune.no/aktiv-alderdom

Livsmestring

– robuste barn og ungdom

Luster kommune skal i dei neste fem åra samarbeide med Sogndal kommune om eit prosjekt for å gjere barn og unge betre rusta til å takle medgang og motgang i livet. Målet er at dei skal få like moglegheiter til å lære om livsmestring uavhengig av kvar dei bur, kva barnehage eller skule dei går på og kva rektor dei har.

Midlane til prosjektet er finansiert av helsedirektoratet og fylkeskommunen har ansvar for å følgje opp prosjektet. Hovudmålet er å utvikle eit systematisk og heilskapleg løp for livsmestring frå barnehage og t.o.m ungdomsskulen. Gjennom m.a. :

- Undervisning, praktiske øvingar og refleksjon skal barn og unge få kunnskap og dugleik som gjer dei betre i stand til å meistre utfordringar i kvardagen, utvikle god sosial kompetanse og kommunikasjonsevner.
- Å gje tilsette i barnehagen og skulen verktøy og kunnskap om livsmestring og korleis dei kan gje barn og unge opplæring i tema.
- Å styrke heimen som medspelar ved å systematisere foreldresamarbeidet, prøve ut andre metodar for gjennomføring av foreldremøte og finne andre arena for samarbeid mellom foreldre og mellom barnehage/skule og heimen.
- Å styrke samarbeidet mellom barnehage, skule og helsestasjon/skulehelsetenesta.

Livsmestring som tverrfagleg tema i skulen

Livsmestring og folkehelse skal inn som tverrfagleg tema i overordna del av læreplan frå

og med hausten 2020. Elevane skal få kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir moglegheiter til å ta ansvarlege livsval. Prosjektet gir oss ein fin moglegheit til å støtte skulane i å implementere livsmestring i skulekvardagen på ein god måte.



Kva er livsmestring?

Livsmestring kan opplevast som eit grenselaut tema og kan tolkast på mange ulike måtar. For å bestemme kva tema barnehagane og skulane skal prioritere vil barn og unge sine meiningar om

kva livsmestring er og kva dei ynskjer kunnskap om bli prioritert høgt. I tillegg skal føresette, tilsette i barnehage, skule og skulehelsetenesta ha innverknad på val av tema. Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar har spurt 200 barn og unge om kva dei meiner livsmestring er og her er nokon av svara:

Prestasjonspress og stress, inkludering, utanforskap, venskap, seksualitet, ta sjølvstendige val, kroppspress, venskap, dårleg sjølvbilde og sjølvkjensle, handtere tankar, kjensler og relasjonar, snakke om vanskelege ting, identitet, vanskeleg heime, kvardagen med sosiale media og medgang- motgang.

Har du lyst til å lese meir om prosjektet gå inn på: handling.forebygging.no/folkehelsearbeid.



Kjenner du deg trygg heime?

Treng du nokon å snakke med?

Luster legekantor:	57 68 56 00
Luster helsestasjon:	57 68 56 05
Familievernkontoret:	46 61 92 80
Sogn barnevern: (dagtid)	97 50 60 95
Barnevernvakta: (kveld/natt/helg)	40 02 29 88
Krisesenteret i Florø:	57 74 36 00
Overgrepsmottaket: (Førde)	57 72 37 48
Politi:	112
Legevakt:	116 117

Nasjonale hjelpetelefonar

Mental Helses hjelpetelefon:	116 123
Alarmtelefon for barn og unge:	116 111
Kors på halsen (for barn og unge):	800 333 21
Vold- og overgrepslinjen (VO):	116 006
Røde Kors-telefonen om tvangsekteskap:	815 55 201
Hjelpetelefon for seksuelt misbrakte:	800 57 000
Alternativ til vold (ATV):	55 60 31 99
Vern for eldre:	800 30 196

Ved akutt fare, ring politiet **112**.

Politiet kan påleggje overgripar besøksforbod og kan hjelpe deg å kome til krisesenteret. Du kan melde valden.

Sjekkliste:

- Er du usikker på om det du opplever heime er bra for deg?
- Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?
- Er barnet ditt trygt?
- Får du høyre at du ikkje er verdt noko?
- Vert du tvinga til seksuelle handlingar?
- Vert ting du er glad i øydelagt?
- Ynskjer de hjelp til å løyse konflikhtar?
- Disponerer du egne pengar?

- På Krisesenteret i Florø kan du kome både dag og natt for å bu trygt. Du treng ikkje å ha synleg merke for å søkje hjelp - trugslar og psykisk vald er like alvorleg.
- Er du blitt seksuelt misbrukt eller voldtatt? Ring overgrepsmottaket i Førde: **57 72 37 48**. Dei tek vare på deg, undersøker deg og hjelper deg å dokumentere overgrepet.
- Er du vitne til vald; som nabo, ven eller kollega? Er du uroleg for at ting ikkje er som det burde vere hjå nokon du kjenner? Ikkje ver redd for å seie ifrå, du kan gjere ein skilnad.

For meir informasjon om kven du kan snakke med, scann QR-koden:



Meir informasjon finn du på:

<https://DinUtvei.no>

Det er aldri din feil!

Det er aldri for seint!

Det er alltid hjelp å få!



OM KALENDER

Hafslo omsorgssenter har omsorgsplassar for demente, dagsenter og aktivitetsstove. Me har el-sykkel til bruk for turar med dei eldre. Vil du bli godkjent som sykkelsjåfer? Du er hjarteleg velkommen. Ta kontakt med Ruth Karin for opplæring.



Praktisk informasjon

Alle omsorgssentra har grupper i Friskus og informerer om aktivitetar.

Friskus – digital aktivitetskalender og møteplass for aktivitet og frivilligheit i Luster!

Luster kommune er no godt i gang med å bruke Friskus!

I mars kom Friskus med ein

ny og oppdatert versjon for kommunen vår. Det er no meir oversiktleg og lettare å finne fram til aktivitetar og/- eller frivillige oppdrag.

Gå inn på *www.luster.friskus.com* for å sjå meir om Friskus i Luster.

Friskus på omsorgssentra:

Alle omsorgssentra i Luster har no oppretta grupper i Friskus, og vil nytte dette verktøyet i kommunikasjon med pårørende. Det vil då bli enklare å nå ut med informasjon til alle pårørende

med for eksempel aktivitetar som skjer på omsorgssenteret.

Ved å registrere deg som brukar i Friskus og bli medlem i gruppa, vil du få oppdatert informasjon om aktivitet og oppdrag på omsorgssenteret direkte på sms. Ta kontakt med ditt omsorgssenter for meir informasjon, eller ein av oss i arbeidsgruppa i Friskus.

Me oppfordrar dei som ikkje har gjort det om å registrere seg på Friskus. Me i arbeidsgruppa kjem til å invitere til nye arbeidskveldar og opplæring til hausten.

Kontaktpersonar i kommunen:

Elisabeth B. Orrestad
Mob; 975 28 699
Epost; elisabeth.bondevik.orrestad@luster.kommune.no

Tre enkle steg for å bli med på friskus.com:

- 1 Gå inn på friskus.com
- 2 Trykk på «LOGG INN» oppe til høgre på sida for å laga deg ein personleg brukarkonto
- 3 Legg inn ditt mobilnummer og trykk «KOM I GANG». Lag deg eit passord og du er klar!



Alle har behov for å treffe andre og vere ein del av eit fellesskap. Aktivitør la godt til rette med kaffi- og pratetunder på arbeidsstova. Handarbeid og bingo er kjærkome tilbod.

Aktiviteter på omsorgssentra i koronatida

12. mars vart ein merkedag for heile landet, også for omsorgssentera i Luster kommune.

Frå denne dagen vart inngangsdørene stengde, og det vart ei spesiell tid for både tilsette og bebuarar. For mange av bebuarane vart det sakt av nær og fjern familie. Tankar tilbake til krigsåra kom fram hos nokon.

Situasjonen vart tross alt takla godt av alle. Dei tilsette gjorde så godt dei kunne med ulike typar aktivitetar og sosial kontakt. Film og musikk frå nett og video vart flittig nytta.


Svært gledeleg var det også då Luster Røde kors kom med fine blomstergrupper til alle omsorgssentra før påske.

Dei strenge koronatiltaka fekk konsekvensar for pasientar og tilsette på omsorgssentra i kommunen. Det vart lagt strenge restriksjonar på besøk. Me fekk god hjelp av nettbrett, som

gjorde at pasientar kunne halde kontakt med sine kjære likevel. Dette er ein teknologi som me kan ha glede av framover også når besøksrestriksjonane forhåpentlegvis lettar. Dette gjeld særleg pasientar som har sine næraste langt vekke. Her har me lært noko nytt som blir bra å ta med vidare!

På Luster omsorgssenter vart aktivitetsstova stengt på grunn av tiltaka. For å gje bebuarane på eldresenteret eit tilbod, fekk dei besøk av aktivitør to gonger i veka. Då har dei drive både med handarbeid og hatt bingo. Dette har vore eit kjærkome tilbod, og det har vore særleg populært med kaffi og vaflar. Aktivitøren har og vore to dagar i veka på omsorgssenteret for dei pasientane som bur der.

Koronakrisa har synt oss kor ope og fint me har det til vanleg, utan å tenkja på smitte og følger av dette. Det har samtidig vist at kreativitet, digitale løysingar og individuelle tilpassingar



Det vart ei ny oppleving for fleire pasientar då dei fekk kommunisere med sine via nettbrett. Kvart omsorgssenter fekk 2 nettbrett frå Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg har kommunen kjøpt inn fleire nettbrett.

fungerer i kvardagen.

Før Lustranytt gjekk i trykken var det opna opp for meir besøk på omsorgssentra, sjå heimesida og oppslag. Besøkande må ta kontakt pr. telefon før besøk.

Dagsenter for heimebuande med demenssjukdom

Dette er eit tilbod for heimebuande med demenssjukdom i tidleg fase. Tilbodet er tenkt som ein sosial møteplass i tillegg til at me driv med ulike aktivitetar som kan vere med på å oppretthalde viktige kvardagslege funksjonar. Det er også eit viktig avlastningstilbod for pårørande.

Frå august vil dagsenteret vere ope kvar dag måndag til fredag. Avhengig av kor ein bur i kommunen vert ein henta av dei som jobbar på dagsenteret mellom kl. 08.30 og 09.30, og vert køyrt heim mellom kl. 14.30 og 15.15. Dette er eit tilbod som ein søker om på lik linje med heimesjukepleie, og ein brukar same søknadsskjema. Ein kan også kontakte demenskoordinator Anne Grete Fredheim Bergum på tlf 40 40 68 03, eller fagleiar Margrete Søhoel Røneid på tlf 57 68 58 04 om ein lurar på noko i høve dette tilbodet, eller treng hjelp til å søke.

Dagsenteret held til i nye lokale i kjellaren på Hafslo omsorgssenter. Me har eigen inngang på langsida av bygget. Me har også ein flott hage som er tilrettelagt for denne brukargruppa. Den brukar me mykje spesielt på vår/sommar, og me har både frukt- og bærbusker som me får avlingar frå. Me har også eit drivhus der me mellom anna dyrkar tomatar og agurk, og ei flott oppvarma grillhytte me kan bruke heile året. Elles driv me med mange ulike aktivitetar inne alt etter kva brukarar me har med oss



Det er stas å få seg ein køyre- og luftetur. Hafslo omsorgssenter på vårtur til Veitastrond.

og interessene deira. Kvar dag er det trim, og brukarane får servert frukost og varm lunsj. Me er også ein del på tur rundt i kommunen med bilane me disponerer på dagsenteret.

Då omsorgssentera vart stengde for besøkande i mars vart det stilt og litt einsamt for bebuarane. Sidan me på Hafslo er heldige og har eigen 8 setar bil på dagsenteret, valde me etter kvart å bruke denne til å køyre turar med bebuarane. Dette vart eit sær populært tiltak, så det har vorte mange turar. Me har vore på fleire turar med bebuarar på eldresenteret og ein del turar med dei inne på omsorgsplass. Turane har vore i nærrområdet, og elles litt lengre turar rundt i kommunen. Nokre av bebuarane på omsorgsplass har vore i Solvorn, der dei gjekk innover neset og hadde



Pasientar på dagsenteret har stor glede av å så og drive fram grønsaker.

med kaffi og kjeks. Ei gruppe på eldresenteret var ein tur på Veitastrond og kjøpte seg is (ein tilsett var inne på butikken og handla). Me har også vore turar der me har køyrt til heimstaden til dei som har vore med så dei har fått sett huset sitt. Nokre har til og med fått vinka til familien frå bilen.



Tannbehandling for eldre

Dei fleste må betale utgiftene til tannbehandling sjølv, men det fins nokon unntak. Tannlegen vurderer kva rettar du har. Personar som bur på institusjon eller har heimesjukepleie i meir enn tre månader, får gratis behandling av den offentlege tannhelsetenesta.

Har du dårleg råd, kan du søke NAV om støtte til tannbehandling (etter sosialtenestelova).

Tannbehandling for psykisk utviklingshemma

For psykisk utviklingshemma i og utanfor institusjon er tannbehandling, med unntak av tannregulering, gratis i den offentlege tannhelsetenesta.

Tannbehandling for andre grupper

Andre grupper som kan ha rett til å få dekkja heile eller deler av utgiftene til tannbehandling:

- Flyktningar og asylsøkarar på statlege mottak.
- Rusmiddelmissbrukarar som har motteke tenester via sosialtenestelova i tre månader eller meir.
- Rusmiddelmissbrukarar under LAR-behandling (legemiddelassistert rehabilitering).
- Tannbehandling for personar med tannlegeskrekk (odontofobi): Viss du har sterk tannlegeskrekk eller har blitt utsatt for tortur eller overgrep, kan du ha rett på eit tilrettelagt tilbod (TOO) frå den offentlege tannhelsetenesta.

Du kan lese meir på helsenorge.no om tannhelsetenesta.

Fleire kan få bustønad

Den øvre inntektsgrensa for å få bustønad er midlertidig auka slik at fleire som er ramma økonomisk av koronapandemien kan få rett til støtte. På Husbanken sine nettsider kan du enkelt sjekke om du eller nokon du kjenner kan få bustønad.

Stortinget har vedteke å styrka bustønaden midlertidig med 500 millionar kroner fram til utgangen av oktober. Føremålet er å hjelpe husstandar med låge inntekter som vert ramma økonomisk av koronapandemien.

Søknadsfristen er den 25. i kvar måned. Støtta vert utbetalt ca. den 20. månaden etter. Om du får innvilga søknaden din, vert søknaden automatisk overført til månaden etter, slik at du slepp å søkje på nytt.

Du kan søkje om bustønad elektronisk via husbanken.no. Husbanken hentar inntektsopplysningane dine automatisk frå Skatteetaten. Buutgiftene må du sjølv gje opp og dokumentere, for eksempel med kopi av husleigekontrakten.

Om bustønad

Bustønad er ei statleg støtteordning for personar og familiar som har låge inntekter og høge buutgifter. Totalt fekk om lag 124 000 husstandar bustønad i løpet av 2019. Ordninga vert administrert av Husbanken.



Hjarteleg takk for minnegåve me fekk til Gaupne omsorgssenter, i høve Anders Grov si gravferd.

Helsing Gaupne omsorgssenter
Tone Kjærvik Kveane,
einingsleiar

Luster omsorgssenter **takk** hjarteleg for minnegåva i samband med Ingvald Bergum Per Bathen Anna Tuften Anders Kvam Hans Bjørge Fardal sin bortgang.

Helsing Luster omsorgssenter
Liv Hunshamar, einingsleiar



Invitasjon til

Seniortreff 2020

Stad: Aktivitetsstova ved Gaupne omsorgssenter

Målgruppe: For deg som bur heime

Tidspunkt:

Torsdagar kl 10.00 - 14.00
på desse datoane:

- 10. September
- 24. September
- 08. Oktober
- 22. Oktober
- 05. November
- 19. November
- 03. Desember

Eigenandel kr. 130,- pr. gong

Transport:

Det blir organisert
transport for dei som
har behov.

Program:

Torsdagane vil
innehalde sosialt
samvær, underhaldning
og balansetrening,
samt servering av eit
varmt måltid.

Påmelding:

Påmelding pr. telefon til 57 68 55 00
innan onsdagen før kl. 13.00

MØTE MELLOM MENNESKE

Ny psykomotorisk fysioterapeut

1. juni starta Stine Rebni Bjørk (bilete) opp som psykomotorisk fysioterapeut i Luster kommune. Ho har 50% driftsavtale med kommunen og held til på Helsesenteret i Gaupne. Psykomotorisk fysioterapi er ei behandlingsform der bevisstgjerjing og endring av uhensiktsmessige spenningstilstandar i kroppen er målet. Dette kan føre til mindre smerter og ei auka bevisstgjerjing av eigen kropp og egne kjensler. Behandlingsforma høver ved ulike plager og lidingar, til dømes vedvarande smerter i muskulatur, lettare psykiske lidingar som angst og depresjon og plager knytt til auka spenningar og uro. Det er viktig at pasienten er motivert for behandling.

Du kan ta direkte kontakt utan tilvising frå lege dersom du ønskjer time.



Frå venstre: Jori Skorve, Erik Sannebro, Tor Jervan Staarvik og Bjørn Kalstad.

Fysioterapeutar i privat praksis

Denne gjengen ser fram til å få inn ny kompetanse og ønskjer Stine Rebni Bjørk velkommen med på laget. Alle har driftsavtale med Luster kommune og du kan ta direkte kontakt utan tilvising frå lege. I tillegg til Stine på Helsesenteret finn

du fysioterapeutane på Hafslø Fysioterapi og Friskhuset i Gaupne. Fysioterapeutane har ulike tilleggskompetanse, meir informasjon om dette finn du på Luster kommune si nettside.

Nettstaden *helsenorge.no* der du kan logge inn med sikker pålogging og kommunisere med legekantoret og få oversikt over pasientjournalen din ved sjukehus, pasientreiser, frikort mm.

helsenorge.no

Digital kommunikasjon med Luster legekantore

Du kan no kommunisere digitalt med legekantoret via *helsenorge.no*. Me oppmodar innbyggjarane våre om å logge seg inn der, då dette er ein føresetnad for at legen kan sende deg melding digitalt. Det er altså du sjølv som må ta første steget.

På *helsenorge.no* kan du:

- bestille time hjå fastlegen
 - fornye reseptar
 - starte e-konsultasjon med fastlegen din
 - bestille videokonsultasjon
 - kontakte legekantoret (e-kontakt med fastlege)
- Skilnaden på bruken av konsultasjon og kontakt er innhaldet i meldingen du sender.

E-konsultasjon er alternativ til ordinær konsultasjon ved kjent sjukdom. Denne blir honorert med same takst som ved oppmøte hjå fastlegen. Evt. tilleggs-spørsmål og innhenting av supplerande informasjon er inkludert.

Kontakt legekantoret kan nyttast til enkle spørsmål, som svar på blodprøve, kort info om røntgensvar/epikriser eller du ynskjer at fastlegen ringjer deg tilbake. Denne tenesta er gratis.

Dersom du går inn på heimesida vår *lusterlegekantor.no* finn du meir informasjon og

lenke til video som forklarar korleis du loggar inn på *helsenorge.no*.

Der ligg også legen sine praksisdagar som er avgjeringande for når du kan forvente svar.

Fleire tenester på *helsenorge.no*

- innsyn i pasientjournal ved norske sjukehus
- oversikt over vaksiner
- pasientreiser, søk og sjå innsendte reiser
- Frikort og eigendeler
- Bytte fastlege
- Kjernejournal
- Dokument du har lagra på *helsenorge.no*
- Donorkort kan du opprette
- Verktøy – her ligg fleire sjølvhjelpsvideoar ... med meir

Me anbefalar deg å bruke *helsenorge.no*. Generell informasjon om tenester ligg tilgjengeleg utan pålogging. For å finne personleg informasjon/kommunisere med helsetenesta loggar du inn via sikker pålogging med bankid (kodar på brikke eller via mobil) eller buypass (smartkort eller via mobil).

Du får god oversikt, og har informasjonen tilgjengeleg der du er.

Søv du ikkje godt?

Har du ofte (meir enn tre gongar i veka) utfordring med å sovne om kvelden, vaknar for tidleg eller at du søv uroleg på natta? Dersom ja: korleis opplever du at dette påverkar kvardagen din?

Søvnvanskar er ei av dei vanlegaste helseplagene i befolkninga. Det er om lag ein av tre vaksne som har utfordringar med søvn. Kor mykje ein søv og kor mykje søvn ein treng, varierer. Søvnbehovet varierer også gjennom livet. Barn og ungdom treng til dømes betydeleg meir søvn enn vaksne. Om du kjenner på utfordringar knytt til søvn kan det vera lurt å sjå på søvnvanane dine. Ved å endra på dine noverande vanar kan det gjera at du opplever å få ei betre helse med blant anna meir overskot, betre immunforsvar, betre humør og konsentrasjon.

Om du ynskjer ytterlegare informasjon og hjelp på vegen til å sove godt, så har helserådgjevarane ved Frisklivssentralen Sogn kompetanse på søvn. Frisklivssentralen tilbyr kurs, men også individuell oppfølging med kartlegging av søvnvanar og utforming av plan for deg. Ta gjerne kontakt med helserådgjevar ved Frisklivssentralen Sogn for ein uforpliktande samtale. Me held til på Friskhuset, tysdagar, onsdagar og torsdagar.

Tlf.: 950 11 896, 958 93 641, 953 03 897

E-post: frisklivssentralen@sogndal.kommune.no

Facebook: Frisklivssentralen Sogn

Instagram: [@frisklivssentralensogn](https://www.instagram.com/frisklivssentralensogn)

Kjelde: www.helsedirektoratet.no

Helsedirektoratet sine råd for betre søvn:

- Legg deg til same tid kvar kveld, og stå opp til same tid kvar morgon.
- Unngå å sove på dagtid. Begrens middagskvilen til maks 20 minutt.
- Ikkje drikk kaffi, te eller cola etter kl. 17.00.
- Å vere fysisk aktiv gir betre søvn, men unngå hard trening rett før leggetid.
- Om du er ein «klokkekikar» om natta – gøym klokka.
- Unngå bruk av pc, nettbrett og mobil på senga.
- Om du ikkje får sove – ikkje bli liggande å vri deg, men stå opp og gjer noko anna.
- Set av tid på dagen til å gå gjennom ting du bekymrar deg over.

Prøv ein elsykkel, arbeid – heim – fritid



Ønskjer du å låna el-sykkel kan du ta kontakt med ATS på telefon 57685735 eller på epost oas@luster.kommune.no. ATS har open dør, så folk kan sjølvstøtt ta turen innom for ein avtale også. ATS held til på Gaupnegrandane.

Luster kommune har fått innvilga tilskot til prosjektet «Prøv ein elsykkel, arbeid – heim – fritid». Føremålet med prosjektet er å leggja til rette for klimagassreduksjon gjennom å gje innbyggjarane i Luster høve til å låna og prøva elsykkel før ein eventuelt går til innkjøp av eigen elsykkel. Finansieringa er planlagt med bidrag frå kommunen

sjølv, næringslivet og Miljødirektoratet. Planen er å leggja til rette for utlån av inntil 10 vanlege elsyklar samt 2 lastesyklar. ATS vil stå for den praktiske oppfølginga av ordninga. Luster kommune sitt prosjekt var ein av 38 prosjektsøknader som kom inn til Miljødirektoratet i samband med tilskotsordninga «Klimasats – støtte til klimasatsing i kommunane».

Luster frivilligsentral i koronatida

Koronasituasjonen har satt mange av våre aktiviteter på vent.

Frå 13. mars har seniortreff for heimebuande, radiobingo, leksehjelp og bruktbukken vore stengt grunna fare for smitte. Også andre arrangement/turar har blitt utsatt/avlyst.

Heldigvis fekk me opne opp att bruktbukken vår 30. april med reduserte opningdagar, auka bemanning og smittevernsreglar. Frå juni er me tilbake til ordinære opningstider.

Koronapandemien har også fått oss til å tenke nye aktiviteter/tilbod til innbyggjarane i Luster.

Frivilligsentralen har oppretta tilbod om utkøyring av matvarer som var særleg aktuelt i starten av nedstenginga av samfunnet. Mange kom i karantene og trong hjelp til å få handla matvarer.

Dette tilbodet har me fortsatt så det er berre å ta kontakt med dagleg leiar Anita Kjølraug på tlf. 456 65 954.

Det vart også starta opp tilbod om å få



Bjørnar sat ute i Tandle i Gaupne og vinka til dei som var på bamsejakt.

ringevenn. Dette for å forhindre einsemd for dei personane som vart isolert i heimen sin grunna smittefare. Dette tilbodet er fortsatt tilgjengeleg så det er berre å ta kontakt dersom du har behov for å prate med nokon.

I denne samanheng vil Luster frivilligsentral takke så mykje til alle dei som melde seg som frivillig sjåfør til matutkøyring og som ringevenn. Utan frivillige hadde ikkje dette vore mogleg å få til!

Ein annan kjekk aktivitet som vart gjennomført var «Bamsejakt i Luster». Dette var ein aktivitet mest retta mot dei yngste i kommunen.

Her vart innbyggjarane oppmoda om å setje bamsar lett synleg i glaset slik at borna kunne gå på bamsejakt i nærområdet sitt. Det vart lagt ut bamsekort der ein kunne krysse av for kvar bamse du fann. Kortet kunne leverast til Luster frivilligsentral for

uttrekking av premiar.

Det kom inn 90 bamsekort og det vart trekt ut 13 premiar.

Luster Utstyrsentral – me held til i Friskhuset!

Mange kommunar og organisasjonar har utlånsordningar av utstyr til enkeltpersonar, skular og barnehagar. På ein utstyrssentral kan ein låne/leige billig utstyr til friluft- eller sportsaktivitetar. Dette tilbodet har også Luster!

Utstyrssentralen i Luster er ein open sentral der alle innbyggjarar i Luster har moglegheit for å låne utstyr gratis.

Ved utstyrssentralen er det pr. i dag grunnleggande turutstyr som tursekkar av ulik storleik, liggjeunderlag, sovepose/lakenpose, stormkjøkken, fiskeutstyr, gåstavar, hengekøyer, telt, flyte- og redningsvestar og sykklar.

Av vinterutstyr har me utlån av truger, akeutstyr, ski, skistavar og skisko.

For å utvikle og drifte utstyrssentralen er Luster Frivilligsentral avhengig av å få tildelt prosjektmidlar knytta opp til kjøp av utstyr eller å få donert gåver frå næringsliv, lag og organisasjonar eller enkeltpersonar.

Er dette noko du eller din organisasjon kunne tenke deg å støtte, ta gjerne kontakt med dagleg leiar på Luster Frivilligsentral, Anita Kjølraug.

Utstyrssentralen finn du ved Luster Frivilligsentral i Friskhuset, Øyagata 16.

Ynskjer du å sjekke ut kva utstyr som er til utlån kan du gå



Hengekøye og ryggsekk er dømte på turutstyr du kan leige hjå utstyrssentralen.

på heimesida til kommunen og søke på utstyr.

Lån av utstyr må skje i opningstida 08.00-15.30, og må avtalast på tlf: 456 65 954 eller e.post: post@luster.frivilligsentral.no.

Luster idrettspark

I februar i år hadde revisor signert på i alt 6 anlegg som var godkjente for spelemiddelfinansiering. Totalkostnaden er på kr 18,7 mill., og av dette er kr 4,6 mill. finansierte med spelemidler og kr 5,2 mill. som tilskot frå Luster kommune.

Kommunen har i tillegg investert om lag kr 3 mill. i grunnarbeid for kasteanlegget.



Godkjent dugnad er totalt kr 1 039 151 som tilsvarar 6 900 timar dugnad. Fordelt på fire år blir det 1 725 timar dugnad pr år. Det utgjør eitt årsverk per år, kan leiaren i IL Bjørn og prosjektansvarleg i idrettslaget, Bjørn Tore Årøy (bilete) stolt fortelja.

Stor verknad for idretten i Luster kommune

Tida var inne for ei oppgradering for å få ynskja kvalitet på dei ulike greinene innanfor friidrett. For idretten i Luster vil det bety mykje å ha eit topp moderne friidrettsanlegg og ei kunstgrasbane av høg kvalitet med undervarme og lysanlegg sentralt plassert i kommunesenteret. Det er likevel aktiviteten på anlegget som fortel oss om kva og kor mykje dette betyr. Personleg har eg til no registrert omlag 50 personar utanfor den tradisjonelle og faste idretten som nyttar anlegga til alt frå jogging, løpe- og kondisjonstrening til rekreasjon.

IL Bjørn har også investert ein større sum i friidrettsutstyr for å sikra at dei aktive også har tilgjenge til utstyr av topp kvalitet. Anlegget er ope for bruk for alle ideelle organisasjonar.

Luster idrettspark som eit kraftsenter for idretten i Luster?

Luster Idrettspark er eit omgrep som omfattar området i Gaupne sentrum mellom Bruflat treningsfelt i nord-vest, Parken i sør og Lustrabadet i sør-aust. Innanfor dette området finn ein etter kvart mange aktivitetstilbod. Innanfor dette området ligg også skulane og Friskhuset. Aktivitetstilbod innafor området er:

- Hovudarena for fotball og friidrett i Luster Kommune
- Komplette treningsanlegg for friidrettsanlegg med fire løpebaner i kunststoff, hoppanlegg, kastefelt og flomlys
- Konkurransanlegg fotball på kunstgras med undervarme og flomlys
- Treningsbaner på kunstgras med flomlys
- Idrettshall



Endeleg kan dugnadsgjengen gjera nødvendige førebuingar til å starte opp att med miniputt-trening. 6900 dugnadstimar er godkjende, her representert ved Frank Halland Neset og Sigbjørn Opheim.

- Lustrabadet (idrettsbasseng, varmebasseng, stupetårn 5m, sklier, klatrevegg, ...)
- Friskhus / Treningscenter (sal, sykkel, pt, fysio, ...)
- Klatrepark
- Sandvolleyballbane
- Lagshus for frivillige organisasjonar i Luster
- Ballbinge med kunstgras for fotball og handball
- 16x12m ballbane på kunstgras for dei minste
- Eit stort treningsfelt på gras (aktivitetsflate på kasteanlegget)
- Bocciabane

Framtidige nærmiljøanlegg under planlegging eller oppføring er:

- "Tuftepark" ved idrettsanlegget
- Enkel rulleskibane som omkransar området
- Sykkelløype ved idrettsanlegget
- Squashbane

Frivillige lag og organisasjonar kan søke moms-kompensasjon

Frivillige lag og organisasjonar søke om momskompensasjon frå Lotteri- og stiftelsestilsynet som skal fordele 1,685 milliardar kroner i momskompensasjon.

Søknadsfristen er 1.september, men fleire lag og organisasjonar må sende søknad via sentralleddet som ofte har frist tidlegare. Hugs at alle som søker må vere registrert i Frivilligregisteret.

Søknadsskjema og meir om ordninga finn du på www.lottstift.no

Feigum mølle

Snart får du oppleve å mala korn på Feigum mølle. Både Kulturminnefondet, Vestland fylkeskommune og Luster kommune har løyvt tilskot til finansieringa av dette verneverdige kulturminnet.

Garden på bnr. 2 har vore ein husmannsplass under bnr. 1 og har i hovudsak drive sag og mølle.

Sagbrukshistoria kan gå attende til 1660-talet. Mølla som står no skal vera bygd i 1883, men det har vore ei mølle før denne som J. C. Dahl har hatt som motiv med Feigefossen i bakgrunn. Maleriet syner at mønet på den førre mølla har gått med elva, og konstruksjonen ser ut til å vera i liggande tømmer. I fylkesleksikon les vi at denne bygdemølla kan vera oppført kring 1782. Det har også stått fleire mindre kvernhus og ei stampe i elva. På maleriet til Dahl kan vi skimte dei. Mølla skal vere bygd i 1883 i følgje kommunen sin Kulturminneplan. Det er sannsynleg når vi ser på vindaug og den profilerte perlestaff-kledningen. Dei eldste kledningsborda har vore saga på sirkelsag. Sirkelsaga kom i bruk i Luster kring 1870. Desse kan difor vere opphavlege. Konstruksjonen er oppført i reisverk som etter tradisjonen er kalla stikksperrhus i Indre Sogn. Nokre av materialane i konstruksjonen har spor etter gjenbruk og kan vera frå den førre mølla. Det er relativt langt frå kaien og opp til mølla. Korn og mjøl har vore frakta med løypestreng. Den er vekke i dag.

Med klimaendringar har vi fått eit langt våtare og varmare vår. Ein kan/bør difor vurdere ei tett undertekking ved ein



3 roterande kverner: Dei større bygdemøllene er ein type kulturminne som det er svært få att av i fylket. Dei som er bevarte ser ut til å vera bygde etter 1900. Mølla på Feigum kan difor vera den eldste som er bevart i fylket.



Kjell på veg til mølla: Mange gonger har eg spurt meg sjølv om kva som skal skje med mølla...men «ansikt til ansikt» har fått meg til å sjå verdien for ettertida til dette einestående industrielle kulturminnet.

ny omlegging av taket. Taket med undertak har vore bytt ut i sin heilskap kring 1990. Vi kjenner ikkje til om det har vore utført likt som det opphavlege taket har vore laga. Såleis vil ikkje verneverdig material gå tapt. Når det gjeld denne type innfesting generelt er det bevart eit tak på heimeløa på garden som syner opphavleg tekkeskikk. Dette kan vera referansetak å bevare for måten å tekke tak på i dette området. Av det vi ikkje veit korleis det gamle taket på mølla heilt sikkert har vore kan det vera grunn til å gjera eit unntak av eldre tradisjonell innfesting av heller på mølla.

Dei større bygdemøllene er

ein type kulturminne som det er svært få att av i fylket. Dei som er bevarte ser ut til å vera bygde etter 1900. Mølla på Feigum kan difor vera den eldste som er bevart i fylket. Det gjer at verneverdien er høg. Det er difor grunn til å tenkje best mogleg bevaring av mølla for framtidige generasjonar. Når det gjeld tekking av tak med steinheller er det dei mest omfattande taka å leggje og reparere i arbeidskostnadar.


Når Lustranytt går i trykken er det også vorte kjent at Munthehuset i Kroken og steinselet på Nedstestølen på Ormelid får tilskot til verna kulturminne av Vestland fylkeskommune i år.

Luster har mange godkjende spelemiddelsøknader

I det Lustranytt går i trykken har Luster kommune motteke melding om at Vestland fylkeskommune har godkjent samtlege 22 søknader for søknadsåret 2020. Dette betyr likevel ikkje at alle får tilskot i 2020, men samla tilskotssum på kr 16,8 mill er godkjent.

Ny runde med spelemiddelsøknader er til hausten, og viktige hugsereglar for dei som arbeider med planar om å søke er:

1. Start med grundige vurderingar og omtale av det anleggsarbeidet som skal utførast.
2. Få utarbeida eit kostnadsoverslag som også fortel kor stor verdi som kan reknast som dugnad.
3. Sjekk at alle formelle avtalar er på plass, årsmøtevedtak på eigenfinansieringa.



Rehabilitering ballbingen på Skjolden er godkjent som søknad om rehabilitering. Stor slitasje på kunstgraset og fangnett kvalifiserer til finansiering av spelemidlane etter 10 års bruk, og er samtidig ein dokumentasjon på at anlegget er mykje nytta.

Neste søknadsfrist er 1. oktober 2020.

Luster kommune har utarbeida eit meir detaljert oversyn:

«Søknader om spelemidler» som du finn på heimesida www.luster.kommune.no under Kultur og Tilskotsordningar.

Nye, moderne løysingar for byggesak

ByggSøk stenger

ByggSøk er Direktoratet for byggkvalitet si løysing for digitale byggesøknader. ByggSøk tilfredsstillar ikkje moderne krav til fleksibilitet og brukertilpassing og blir stengt for nye søknader frå 1. oktober 2020.

Betre brukartilpassing

Alle profesjonelle aktørar i byggenæringa kan no ta i bruk nye søknadsløysingar for byggesak, som er betalingsløysingar. Desse nye løysingane gjer det enklare å fylle ut søknaden rett. Søknaden blir kontrollert opp mot regelverket for å sikre at den er komplett før den blir sendt – dette gir raskare sakshandsaming i kommunen. Gjenbruk av informasjon gjer det òg raskare å lage byggesøknaden.



Digitale søknadsløysingar for privatpersonar er venta å vera klare med det første.

Privatpersonar kan nytte enklare søknadsskjema utvikla av Direktoratet for Byggkvalitet dersom dei skal bygge frittliggjande bygning mindre enn 70 m² eller tilbygg mindre enn 50 m².

Tilskot til kulturføremål

Til no i 2020 er det løyvt kommunalt tilskot til desse søkarane:

Grunnstønad er hovudregelen at det blir løyvd kr 250 pr. medlem under 20 år:

Idrettslag og friluftslivsorganisasjonar	kr 232 000
Song- og musikkorganisasjonar	kr 14 000
Barne- og ungdomslag	kr 47 250
Bygdelag/grendalag/velforeningar:	kr 7 500

Refusjon for drift av forsamlingshus:

I Luster er det mange forsamlingshus. Eit vilkår for å få refusjon for driftsutgifter er tilkomst for rørslehemma i forsamlingslokale, garderober og handikaptalett. Her er det løyvt kr 191 000. Godkjende bygg har fått refusjon på 44% av dokumenterte driftsutgifter.

Refusjon for drift av anlegg:

Anlegg som kan få refusjon skal vera registrerte i anleggsregisteret og må dokumentere aktivitet for barn og unge. Godkjende søknader har fått løyvd 50% av dokumenterte driftsutgifter, totalt kr 357 000.

Tilskot til kulturvern, blir utbetalt etter framlagd dokumentasjon. Totalt kr 118 000:

Folkeakademiet Luster, film-prosjektet Vatn,	kr 5 000
Arne Larsen, bokprosjekt om Turtagrø hotel,	kr 50 000
Hafslo sogelag, bygdebokarbeidet og del av beitepussar for landskapspleie på Modvo,	kr 30 000
Offerdal Film, film til dokumentasjon og formidling av kulturminne,	kr 30 000
Sørheim Grendalag, Sørheims Tidende,	kr 3 000

Tilskot til kulturminnevern, blir utbetalt etter framlagd dokumentasjon. Totalt kr 118 000:

Hafslo sogelag, piperehabilitering på husmannsplassen Fluga,	kr 16 000
Kjell Feigum, restaurering av Feigum mølle,	kr 72 000
Hafslovatnet Grunneigarlag, restaurering av gangbruer i Soget,	kr 30 000

Tilskot til friluftslivstiltak, blir utbetalt etter framlagd dokumentasjon. Totalt kr 37 000:

Sogn og Fj. Turlag, turprogram,	kr 5 000
IL Fanaråk, løypekøyring i Turtagrø-området,	kr 4 000
Veitastrond IL, løypekøyring Veitastrond,	kr 12 000

Jostedal bygdelag, brøyting veg til Vanddalen, kr 16 000

Tilskot til lokale arrangement/underskotsgaranti, blir utbetalt etter framlagd dokumentasjon.

Totalt 86 000:

Dagfinn Hovland: Foredrag om Dronning Elisabeth og hennar tid,	kr 3 000
Konsert/forestilling med Berit Opheim, Hafslo songlag, 6 korkafear,	kr 2 500
	kr 7 000

Luster folkeakademi:

Kulturarv Luster, samarbeidsprosjekt,	kr 30 000
Allmenne kulturprogram,	kr 1 500
Frå innvandrar til medborgar,	kr 12 000

Jostedal ungdomslag:

Bli kjent fest for 8. klasse, transportkostnad,	kr 5 000
Kom heim helg, samarbeid med bygdelaget,	kr 5 000
Jostedal bygdelag: Brefestival,	kr 20 000

Ungdomsstipend:

Kjetil Matias Hermansen Stegegjerdet har fått støtte frå UK si stipendordning, kr 1 000 for motorsagkurs og kr 2 000 for truckførarkurs.



Springarkurs på kulturhelg i Jostedal.



Nye delen på hallen med 1 sett garderobar og med nytt teknisk rom over vart overteke av Luster kommune 4. juni. Her er byggeleiar Johannes Øygarden framfor trappa til teknisk seksjon og ved sida av to varmpumper som forsyner hallen med varme. Teknisk rom er ei nyvinning for hallen, og er medverkande til ei vesentleg rimelegare drift.

Idrettshallen i Gaupne

– klar til bruk att ved skulestart.



Rehabiliteringa av Gaupne idrettshall vart avslutta 16. juni med legging av nytt sportsbelegg og merking av baner. Teamet frå Golv og Takteknikk som stod for den tekniske ferdiggjeringa er her fotografert saman med byggeleiaren Johannes Øygarden t.v., Jan Plich (leiar), Mateusz Zagorski og Damian Zawartko.

Arbeidet med totalrenovering av idrettshallen starta i mai 2019. I tilbygget til hallen er det eit sett nye garderobar. I teknisk rom i etasjen over er varmesentralen og dei nye ventilasjonsaggregata plasserte. Byggearbeida er ferdige og dei tekniske installasjonane er sett i drift.

Arbeidet med å fjerne gammalt belegg og klargjere for nytt sportsgolv skulle etter planen ha starta etter 17. mai. På grunn av koronasituasjonen starta arbeidet tidlegare og fører til at idrettshallen kan takast

i bruk att ved skulestart til hausten.

Arkitektkontoret 4B AS og Norconsult AS har stått for prosjekteringa.

Vestlandshus Sogn AS var hovudentreprenør, Holen Installasjon AS elektroentreprenør,

GK Inneklima AS ventilasjonsentreprenør og Bent Vikøren AS hadde varme og sanitærarbeidet.

Golv og Takteknikk AS har levert sportsgolvet i hallen og TKS Heis AS har levert heisen.



Nytt golv i idrettshallen har vore på ønskelista både frå idrettsrådet og Ungdommen sitt kommunestyre. Med nødvendige løyvingar frå kommunestyret og ei tildeling på ca kr 8 mill frå spelemidlane (tippemidlar) kan brukarane no få eit oppjustert anlegg både med garderobar, teknisk rom og totalrenovert golv i hallen. Banemerkinga er oppdatert til dagens krav med banemerking for handball, basket, volleyball, badminton og tennis.

Rett bygningstype i matrikkelen – det betyr noko for gebyr og seinare bruk av bygget ditt

Etter at den nye gebyrmodellen for renovasjon vart iverksett 1.1.20 og fyrste faktura kom, er det mange som har kontakta kommunen med ulike spørsmål. Renovasjonsselskapet Simas hentar data frå matrikkelen – det offisielle eigedomsregisteret. Det er avgjerande for gebyrtype korleis bygget ditt er registrert i matrikkelen.

Gamle ubebudde hus

Fleire ringer fordi dei har fått tilsendt faktura for renovasjon på gamle bustadhus som har vore ubebudde i mange år, aldri blir brukt til bustad meir, kanskje blir brukt til lager, eller er meir eller mindre til nedfalls. Det kan også gjelde gamle hytter/feriebustader. Årsaka til faktura på slike bygg, er at dei i matrikkelen er registrert med bygningstype 111/113 einebustad/våningshus.

Kva kan du gjere for å sleppe renovasjonsgebyret på denne type bygg?

Du kan sende ein epost eller skrive eit brev til kommunen der du skriv litt om bygget, til dømes om der ikkje er straum, vatn eller bad. Du må legge ved ein billedokumentasjon på tilstanden. Då kan kommunen som matrikkelførar endre bygningstypekode frå 111/113 einebustad/våningshus til 199 anna boligbygg. Den koden kan gjelde bygningar som står til nedfalls eller blir brukt til lager. Då har kommunen ein dokumentasjon frå eigar på kvifor kommunen som matrikkelførar gjer endringar i matrikkelen.



Døme på gammalt ubebudd våningshus som fekk renovasjonsgebyr då Simas sende ut faktura etter ny gebyrmodell. Det er viktig at bygningar er rett registrert i matrikkelen – eigedomsregisteret.

Heilårsbustad brukt som fritidsbustad

Det er også fleire som har kontakta kommunen fordi dei har fått full renovasjon på bustad som blir brukt som fritidsbustad. For å få endra slike gebyr i framtida, kan me endre bygningstypekode med bakgrunn i faktisk bruk ved at du sender e-post/brev der du beskriv faktisk bruk av huset. Då kan kommunen som matrikkelførar endre bygningstypekoden til 162/163 heilårsbustad/våningshus brukt til fritidsbustad. Renovasjonsgebyret blir då i kategori 1, kr. 3791,- i 2020. Bygget vil fortsatt vera type B (bustad) ikkje type F (fritidsbustad).

Adresse:

postmottak@luster.kommune.no
Luster kommune, Postboks 77
6866 Gaupne

Bruksendring frå bustad til fritidsbustad

Rein fritidsbustad har lægre

gebyr enn heilårsbustad brukt som fritidsbustad.

Dersom bustaden skal endrast i matrikkelen til rein fritidsbustad, frå type B til F, må det søkast om bruksendring frå bustad til fritidsbustad. Ein slik søknad skal sendast inn av fagfolk på ordinære byggesøknadsskjema utarbeidd av Direktoratet for byggkvalitet.

Det er viktig å vere merksam på at dersom huset etter ein slik søknad blir endra til fritidsbustad, vil det ikkje vere lov å bruke som bustadhus. Om det seinare skal brukast som bustadhus, må det søkjast om bruksendring igjen, og då vil tekniske krav til bustadhus på søknadstidspunktet gjelde. Slike bruksendringar kan bli kostbare.

Byggesakshandsamar er kontaktperson i slike saker.

Renovasjonsgebyra finn du informasjon om på Simas.no

Ledige tomter

Luster kommune har ledige einbustadtomter i Fortun, Luster (Bringebakkane og Kvitevollen), Høyheimsvik, Gaupne (Verket 2), Gjerde (Haugåsen) og på Hafslø (Beheim 2).

I tillegg er det ledige område på Beheim 2 og Verket 2 for bygging av terrassehus og blokker.

I Bringebakkane og Haugåsen er tomteprisen kr 103.000.

Prisliste, bilete og kart over dei ulike felta ser du på heimesida vår.



Beheim 2, Hafslø.



Drægni, Fortun.

Tinging av avtalar med tilsette på rådhuset – digitalt!

Luster kommune kan no tilby digital tinging av avtalar med tilsette på rådhuset. Med dette ønskjer me å forenkle kvardagen din samstundes som me forbettrar/effektiviserer arbeidet internt.

Det fungerer slik at du som innbyggjar kan gjere tinginga av møte med ein sakshandsamar heimanfrå, på heimesida til Luster kommune, utan å måtte kontakte sakshandsamar på førehand. Fordelen for deg som innbyggjar er til dømes at du slepp ta ein bomtur til



På heimesida til kommunen kan du tinge avtale med sakshandsamar.

rådhuset for å oppdage at den du vil møte er fråverande eller oppteken i anna arbeid. Du kan enkelt avlyse eller

endre tidspunkt digitalt på møteavtalen du har inngått, og du vil få påminning om avtalen på SMS i forkant av møtet.

Endring i Posten sin brevomdeling gir kommunen ny postadresse frå 1. juli

Frå og med 7. juli vil Posten ha brevomdeling til gateadresser annakvar dag. Luster kommune tek derfor i bruk postboks slik at me framleis kan motta post kvar dag.

Ny postadresse vil frå 1. juli vera:

Luster kommune
Postboks 77
6866 Gaupne

Hjelp oss å ta framtidretta steg – send og motta posten din på ein trygg måte

eDialog


Mange sender informasjon eller dokument til kommunen via e-post. E-post kan vere ein usikker kanal og me oppmodar derfor til ikkje å sende fødselsnummer, helseopplysningar eller anna fortruleg informasjon på e-post, men heller nytte eDialog. Ved å bruke tenesta eDialog, opnar Luster kommune for at du kan sende inn dokument via ein sikker kanal. Me voner at både privatpersonar og verksemdar nyttar høvet til å sende dokument trygt inn til oss! Tenesta er godt egna til å sende inn dokument som ikkje er offentlege til Luster kommune. Kanalen er kryptert og du må autentisere deg ved hjelp av ID-porten. Du finn meir informasjon om korleis du nyttar eDialog under Kontakt oss på heimesida til kommune.

Digital postkasse

Luster kommune sender mykje post digitalt. Målet er å auka effektiviteten i sakshandsaminga, redusera papirforbruk, redusera CO2-utslepp knytt til transport, og å minska kostnadane. Hjelp oss å ta framtidretta steg, og opprett di digital postkasse! Med ei slik postkasse får du post frå kommunen og andre offentlege instansar kjappare, digitalt, trygt og alltid tilgjengeleg.

Nokre av fordelane ved å oppretta personleg, digitale postkasse:

- Det er gratis å bruka.
- Du tek imot og lagrar viktige brev ein stad, både frå private og offentlege verksemdar.
- Du får breva der du er – tilgang til posten over



Du kan opprette di digitale postkasse via Norge.no, og opne og ha med deg posten din der du vil, når du vil.

heile verda.

- Når du får brev, blir du varsla på SMS eller e-post.
- Du får breva med ein gong og slepp å vente på postgangen.

Du opprettar digital postkasse på nettsida www.norge.no under Velg digital postkasse. Ta gjerne kontakt med sørvistorget om du ynskjer hjelp til dette.

Du som alt har oppretta digital postkasse - hugsar du å opne den?

Me ser at det er fleire elektroniske dokument me har sendt som mottakar ikkje har opna. Me oppmodar deg som har digital postkasse om å opne breva du får tilsendt digitalt.

Når du får brev i di digitale postkasse, får du varsel på e-post eller SMS. Du får ikkje posten på papir, og er med på å bidra til mindre utslepp, svinn, tidsbruk og kostnadar for både dei som sender posten og deg sjølv.

Dersom du mottek posten din i Altinn, og ikkje opnar den i løpet av 40 timar, kjem den på papir i postkassa di.

Luster kommune

Postboks 77

6866 Gaupne

Tlf: 57 68 55 00

postmottak@luster.kommune.no

Org.nr.: 964 968 241

Konto: 3785 07 00142

[Viktige telefonnummer](#)

[eDialog](#)



Li bru på Indre Hafslo kom opp før jul, og arbeidet på sidene vart gjort i vår.

Tiltak på kommunale vegar og anlegg 2020

Luster kommune har årleg løyving på 2,0 mill.kr. til tiltak på kommunale vegar og plassar. For 2020 er desse tiltaka prioritert/ omtalt og vert utført så langt økonomien tillèt. Enkelte av tiltaka vil måtte utsettast til neste år.

- Uteområde og parkering ved Gaupne omsorgssenter og uteområde ved Hafslo eldresenter.
- Vassikring tunnel Vigdalen.
- Murar Lomheim + noko vegforsterking.
- Frå kryss Lomheim/ Alme til Skjervo (vegforsterking og asfalt).
- Noko av Beheimsfeltet og Tvingeborgneset (forarbeid og asfalt).
- Asfalt Gaupnegrandane (veg til Statkraft/NTP).
- Sandal, grunnerverv veg, ny kommuneveg.
- Tungestølen parkeringsløyving. Krevjande å finne semjealternativ, ev gå vegen om reguleringsplan. Prioritering i planleggingsprogrammet. Finansiering i 2020.
- Utskifting av rekkverk på fleire kommunale vegar.

So langt er det lagt opp nye murar ved Lomheim,



Arbeidet ved Lustrabui, kyrkjegarden og oppvekstsenteret i Luster vart ferdigstilt i vår.

reparasjon av vegbane blir gjort i juni. Arbeid med ny parkering og uteområde ved Gaupne omsorgssenter vil starte i juni. Asfaltarbeid på vegar som er omtalt vil bli lyst ut med legging i september/oktober.

- Ferdigstilling av arbeid ved Lustrabui og Luster oppvekstsenter vart ferdig i månedsskiftet mai/ juni.
- Asfaltering av byggjefeltet Kvitevollen og deler av Beheim 2 er planlagt i år.

Personal- nytt



Audun Torvaldsen er ny bygg- og anleggsingeniør på eigedomsavdelinga.



Birgitte Eitrem Landmark har starta som byggesakshandsamar/ arealplanleggjar på planavdelinga.



Anne Lene Eggum er tilsett som leiar ved NAV Luster.



Liv Janne Steig er tilsett som rådgjevar på økonomiavdelinga.



Marit Kvalen er tilsett som fagleiar arkiv.



Ole Morten Mjelstad er tilbake som eigedomslandmålar på planavdelinga.



Oliver Bjørndal er ny kommuneplanleggjar på planavdelinga.



Stephan Smeby er tilsett i vikariat for Aina-Elise Stokkenes som naturforvaltar på landbruksavdelinga.

Områdeplan for Hafslo

- eit attraktivt sentrum for busetnad og lokal næringsutvikling



Kom med innspel til områdeplanen på opne kontordagar på Hafslo. Oppstart av planarbeidet og tidspunkt for opne dagar vert annonsert i lokalavisa og på Luster kommune si heimesidelfacebook.

Ei av dei prioriterte oppgåvene kommunen har framfor seg, er å utarbeide ein områdeplan for Hafslo sentrum. Det skal utarbeidast ei stadanalyse for sentrumsområdet og områdeplanen vil sjå på sentrum og nærliggjande område i ein større heilskap.

Det er eit ønskje om å utvikle Hafslo som ein attraktiv stad for busetnad og lokal næringsutvikling. Dette kan gjerast gjennom planlegging og tilrettelegging. Det må setjast rammer for vidare utvikling i

området slik som kvar det skal vera bustader, næring, bilvegar, kollektivtrafikk, gåande og syklande og best mogleg ta vare på landbruksområda.

Medverknad

Ein inkluderande medverknadsprosess er avgjerande for å nå måla med områdeplanen. Det var planlagt eit folkemøte våren 2020, men koronasituasjonen gjorde at oppstart av planarbeidet og folkemøtet blei utsett. Det er eit ønskje

om å inkludere innbyggerane og næringsdrivande i Hafslo sentrum, slik at ein kan avdekke ønskje og behov, og kva som blir sett på som utfordrande i området i dag.

Folkemøte vil bli erstatta av opne kontordagar på Hafslo, der interesserte kan kome innom planleggarane med innspel til områdeplanen. Oppstart av planarbeidet og tidspunkt for opne dagar vert annonsert i lokalavisa og på Luster kommune si heimeside/ facebook.

Hugs søknadsfrist

Tilskots- og stipendordningar

Ungdom

UK si stipendordning til ungdom mellom 16 og 19 år, frist 1. oktober
Utviklingsstipend innan idrett, fylkeskommunen, frist 1. oktober

Tilskotsordningar for landbruk og naturforvaltning

- SMIL frist 15. september
- Grøfting/drenering, frist 15. september

- Utsiktsrydding, frist 15. september
- Nærings- /miljøtiltak skogbruk (NMSK), frist 15. september
- Vilt- og fiskefond, frist 15. september
- Regionale tilretteleggingstiltak, fylkeskommunen, frist 1. oktober


Søknader om spelemidlar

- Tilskot til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Søknadsfrist 1. oktober

Luster sin fjordsti er no nesten ferdig

Turvegen er på 2,5 km og går mellom Gaupne, nærare bestemt Røneidsgrandane og Marifjøra. Frå vegen er det flott utsikt utover fjorden med Nes og Feigefossen i bakgrunnen. Turstiar langs vatn gir mange opplevingar. Utafor tunnelen er det idyllisk med frodig vegetasjon og fine utsiktspunkt. Her høyrer ein ikkje bilane som susar forbi på fylkesvegen. Ved Røneidsgrandane er det restar av det naturlege brakkvatnsdeltaet og her er det eit yrande fugleliv. Vegen koplar seg på gamlevegen via Røneid som har få bilar og er ein mykje nytta veg av gåande og syklande. Herifrå kan gå over den gamle brua og vidare på elveforbygginga langs Jostedøla til den nye brua. Denne runden er på 3 km.

Det har lenge vore arbeida med å få etablert ein turveg mellom Gaupne og Marifjøra. Alt i 1987 vart det vedteke reguleringsplan med gang- og sykkelveg til nausta som ligg sør for Røneidsgrandane, men denne vegen vart ikkje opparbeida før no. I 2008 kom turvegen inn i kommuneplanen, arealdelen. I 2012 vart det vedteke ny reguleringsplan for heile turvegstrekinga og



få år etterpå var den gamle bilvegen utafor tunnelen og ny turveg vidare mot Marifjøra etablert. I området like innom Røneidstunnelen er det ein utfordrande strekning der det ikkje var tilrådeleg å fylle massar i fjorden. Det vart gjort grunnundersøkingar på land og i sjøen som viste dårlege grunnforhold. Ulike løysingar vart vurdert, og til sist enda ein opp med ei smal løysing forbi staden. Turstien har her ei breidde på om lag 1,5 meter over ei strekning på 25 til 30 meter. Også ved «kaia» til Statkraft er det eit utfordrande parti. Dette er løyst med å bruke ei bru av strekkmetall.

Turvegen går i eit rasfarleg område og den skal ikkje brøytast. Den vil ikkje få fast

dekke, med unntak av det som alt er lagt. Det står att litt småarbeid som å få sett opp att den gamle grensesteinen mellom Hafslo og Luster og å få laga litt enklare tilkomst til strandsona eit par stader. Med tid vil det også etablere seg vegetasjon i strandsona mellom ny turveg og fjorden. Denne vil mjuke opp og ramme inn turvegen. Det bør også setjast opp nokre benkar på dei finaste og mest skjerma utsiktspunkta utover fjorden. Større arbeid som må gjerast er å få betre tilkomst til turvegen frå kommunesenteret. Brua over Jostedøla er den største utfordringa. I kommuneplanen og i kommunen sitt planprogram står det at det skal regulerast gangveg frå sentrum til brua. I dag kan ein gå vidare nordover på elveforbygginga forbi det nyoppusta idrettsanlegget og vidare til byggefeltet på Bruflat. Både turvegen og tilkomsten til vegsystemet i byggefeltet ny vorte mykje betre og vegen kan no nyttast av både barnevogn og sykkel. Saman med turvegen langs Engjadalselva frå fjorden til Tandle har Gaupne no snart eit flott, samanhengande turvegssystem til glede for både innbyggjarar og besøkjande.



– På utsida av tunnelen er det svært idyllisk. Her kan du høyre på fuglesongen og nyte utsikten mot Nes og Feigefossen.

Hafslovatnet fuglefredingsområde

Krypsiv skal fjernast



Krypsiv som veks i Straumavatnet, utkonkurrerer andre vassplanter som er mat for fuglar og andre dyr. I haust kjem Vassklippar'n for å fjerna krypsiv som veks i vatnet.

Utbreiing av vassplanten krypsiv, har auka i Hafslovatnet fuglefredingsområde sidan førre årtusen. Den utkonkurrerer andre vassplanter som er mat for fuglar og andre dyr, i tillegg gjer han det vanskeleg for folk å fiska der han veks. I løpet av juli–september skal vassplanter i Hafslovatnet fuglefredingsområde kartleggast. Det er særleg krypsiv vi ynskjer meir kunnskap om, og endringar

i planta si utbreiing sidan førre kartlegging i 2015.

Det er særleg mykje krypsiv i Staumavatnet og i løpet av oktober – november er det planlagt at eit firma med spesialkompetanse og utstyr skal kome og fjerna krypsivet. Dei har amfibiefartøy som kan gå både på vatnet og på land, og utstyr som kan dra opp planten med rota og transportera den opp på land.

I ti år har ei arbeidsgruppe med folk frå grunneigarlaget, kraftregulanten, Fylkesmannen, kommunen og Statens naturoppsyn (SNO) arbeida med å kartleggja vassplantar og planlegga fjerning av krypsiv. I år fekk kommunen inn omsøkte midlar frå Miljødirektoratet og er glade for at prosjekta kan starte i år.

Koronatida – digitalt demokrati

Frå 13. mars vart det mange digitale møte og fleire arbeide på heimekontor for å ivareta smitteverne-reglane. 2 av møta til kommunestyret vart digitale, og presenterte for ålmenta med god hjelp frå Radio Luster.

På bildet er Elin Hauge (AP), Beate Bondevik Lie (Krf) og Geir Arve Sandvik (H) aktive i digital debatt. Ordførar og rådmann sat på møterom på rådhuset, der også Radio Luster var tilstades og streama og tok lydopptak.

20. mai kunne dei 25 representantane møtast i kommunestyresalen, med 1 meter avstand.

Ordførar Ivar Kvalen likar best å leie



kommunestyremøta når han har alle med seg i salen.



Grøntanlegget ved Gaupne omsorgssenter.

Kommunale grøntanlegg

1. april i år vedtok formannskapet Strategi for kommunale grøntanlegg. Bakgrunnen for dette dokumentet er kommuneplan for Luster, samfunnsdelen frå 2017 der det står under punkt 12.1 at det skal utarbeidast ein strategi for anlegg og vedlikehald av offentlege park/ grøntområde og tilrettelegging for aktivitetsområde for barn og unge i sentrum.

Nærleiken til grøne «lunger» er viktig og helsefremjande for alle innbyggjarane i kommunen. Barn treng gode, varierte, utfordrande og trygge leikeområde som stimulerer til fysisk aktivitet. Først i nærområdet til bustaden, seinare i samband med barnehage, skule, idrettsanlegg og samlingsplassar i sentrumsområde. Luster kommune har mykje natur å by på, men ofte må ein bruke bil for å komme seg ut i denne naturen. Men barn og ungdom, eldre og innvandrarar har ikkje like lett tilgang til bil og dermed heller ikkje til naturen. Ved å ha

grøne friområde nær bustaden slepp ein å bruke verdifull fritid når ein kjem heim frå jobb eller skule til å pakke inn/ut av bilen og til køyring. Ein kan bruke tida til å vera ute. Turløyper i nærområdet, helst rundturar i naturen, er svært gode tiltak for trivsel og folkehelse.

Luster kommune har mange grøntanlegg

Arbeidet med å fylgje opp nyleg vedteken strategi har starta. Det skal registrast kva har me, kva som må eller bør gjerast og kven skal gjera det. Tilstanden til anlegga skal vurderast og graderast. Det må prioriterast. Høgast prioritet får område rundt viktige kommunale bygg, mykje nytta grøntanlegg og grøntområde med samanhengande stiar nær sentrum eller byggefelt. Aktuelle samarbeidspartnarar for vedlikehald er leigetakarar, velforeiningar og lag og organisasjonar. Det må lagast ein handlingsplan. Det vert sett krav til at nye anlegg skal ha plan for vedlikehald av anlegget. Det skal setjast fokus



Inger Johanne Yttri er ny fagarbeider for park- og grøntområda i kommunen.

på funksjonalitet i kombinasjon med enkelt vedlikehald, brøyting og plass for snølagring vinterstid. Arbeidet krev ny fagkompetanse og Luster kommune har nyleg tilsett gartner, Inger Johanne Yttri.

Luster kommune har mange gode, grøne verdiar, det gjeld berre å ta vare på dei fine områda me har og gjera dei enno betre.



Treningsfelet i Gaupne blir regulert til bustader.

Nytt om planar

Reguleringsplan for Solvorn kaiområde – plan-ID 2018005 og reguleringsplan for Lerkeskogen – plan-ID 2019001
Begge planane er eigendokjente og klagefristen er ute. Du finn planane på www.kommunekart.com.

Planstrategi for 2020 – 2023
Planen har vore ute til offentlig ettersyn i mai-juni og målet er at kommunestyret handsamar planen i siste møtet før sommarferien. Planstrategien er ikkje ein plan, men eit politisk verktøy for prioritering av kommunen sine planoppgåver.

Reguleringsplan for Solvorn kyrkje – plan-ID 2016001
Formålet med planen er å få universell tilkomst til kyrkja og

å få betra parkeringskapasiteten i Solvorn om sommaren. Det er utarbeida ei trafikkanalyse for Solvorn som konkluderer med at skuleplassen ikkje bør nyttast som gjesteparkering, spesielt ikkje no som det er etablert ei sykkelløype rundt plassen. Eit planframlegg viser ny parkeringsplass på sørsida av kyrkja i samsvar med gjeldande kommuneplan. Planframlegget vert lagt fram for plan- og forvaltningsutvalet før sommarferien og ein håpar på offentlig utlegging i sommar og vedtak av plan hausten 2020.

Reguleringsplan for Galden nord – plan-ID 2017004
Heile området er regulert tidlegare i fleire reguleringsplanar og formålet

med reguleringa er å få ein ny, digital plan for området som får med seg alle vedtak som er gjort tidlegare. Planen vart vedteke av kommunestyret november 2019. Vedtaket vart påklaga og Fylkesmannen har gitt klagar medhald og har oppheva eigendokjeninga av planen. Planen vert handsama på nytt i plan- og forvaltningsutvalet før sommaren og administrasjonen foreslår ny utlegging av planen.

Reguleringsplan for Bruflat bustadfelt og Øyagata
Formålet med planarbeidet for Bruflat er å få fleire bustadtomter i Gaupne på treningsfeltet og på området til det gamle industribygget. Reguleringsarbeidet er i samsvar med gjeldande kommuneplan.

Samstundes vert Øyagata regulert på nytt for å bl.a. få fortau langs heile gata fram til nytt bustadområde i Grindane. Også dette er i samsvar med kommuneplanen. Gjeldande reguleringsplanar for dette området er frå 1995 og 1998. Det vil verta varsla oppstart av planarbeidet bl.a. i Sogn avis og på kommunen si heimeside.

Kommunedelplan trafikktrygging

Planen skal ha hovudrevidering i år. Oppstart av arbeidet vil verta varsla i Sogn avis og på kommunen si heimeside. Trygg skuleveg er som tidlegare år eit satsingsområde.

Kommunedelplan for Kulturminne 2020 – 2031

Føremålet med kulturminneplanen er å gje rammer for kommunen si verksemd på kulturminneområdet, visa kva oppgåver kommunen skal ivareta på både lokalt, regionalt og nasjonalt plan og den skal vera eit styringsverktøy for prioriterte satsingsområde innan kulturminnevernet. Kulturminneplanen er ein tematisk kommunedelplan og er ikkje juridisk bindande. Målet er at kommunestyret handsamar planen i møte i september.

Kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan vert også prioritert ved søknader til m.a. kulturminnefondet og Vestland fylkeskommune. Luster kommune oppmodar sterkt om innspel på kulturminne som bør takast vare på m.a. av omsyn til søknader om finansiering. Planen ligg ute til offentleg ettersyn og høyringsfristen er 1. juli.

Private reguleringsplanar

Nye private planar som er under arbeid er plan for nytt verdsarvssenter på Urnes,



Oppstart av reguleringsplan for Bruflat bustadfelt og Øyagata vil bli varsla. Føremål å få fleire bustadtomter på treningsfeltet og fortau i Øyagata.



Reguleringsplan for Solvorn kyrkje med område for ny parkeringsplass til venstre. Høyringsfrist 5. august 2020.

massetak på Eide i Skjolden og massedeponi i Morki på Indre Hafslo.

Gjeld alle reguleringsplanar og andre planar der kommunen ynskjer medverknad
Informasjon om alle vedtekne

planar og planar under arbeid der det er ynskje om og høve til medverknad frå innbyggjarane finn du på kommunen si heimeside under Planar. Går du til Planar under arbeid finn du ei oversikt over alle planane i tabellform.



Øvrebø Fargehandel har rusta opp badet og lagt mykje nye flisar.

LUSTRABADET

ynskjer velkomen etter koronastenging og opprusting

På Lustrabadet har det skjedd mykje fyrste halvdel av 2020.

- Januar og februar var to godt besøkte månader, med hhv 4000 og 5200 besøkande.
- Torsdag 12. mars vart alle badeland stengt av Helsedirektoratet.
- 1. april vart Kent Monsen tilsett som ny dagleg leiar.

Då me vart stengt, skjønte me at me kom til å bli stengt lenge.

Det var allereie planlagt at me skulle stenge 3 veker i mai, men me ville utnytta tida, og snudde oss fort rundt for å kunne gjere vedlikehald og reperasjonar med ein gong.

Øvrebø Fargehandel var klare, og satte i gang med flisarbeidet med ein gong. KNALL!

Samstundes som dei jobba i bassenga våre fekk me pusse opp litt elles.

Veggen ved skyvedøra i kafeen vart pussa opp, og malt.

Fleire småting har me fått fiksa i denne perioden.

Av større vedlikehald, kan me nemne at terapibassenget og grotta fekk seg litt vedlikehald også. I grotta vart heile golvet skifta, samt nokre fliser på vegg.

Terapibassenget fekk bytta ut dei flisene som var lause også.

Lustrabadetgjengen

I stengeperioden utførte me livredningsprøven. Både fast tilsette og tilkallingsvakter er med på dette. Linda har kontrollen!



Per Steinar Sviggum er nyvald styreleiar i Lustrabadet KF.


For oss er det viktig at alle føler seg trygge på Lustrabadet, derfor utfører me prøvar og har samlingar med jamne mellomrom året gjennom.

Til slutt vil me oppfordre alle om å komme å besøke Lustrabadet når det blir opna att 15. juni! Me gleder oss enormt til me får besøkande att, og kan skilte med eit fantastisk flott anlegg!

GOD SOMMAR!



Kent Monsen er tilsett som dagleg leiar. Tidleg i juni, før Lustranytt går i trykken, gler han seg stort til dei kan opne badet den 15. juni.



Skisse av innfallsporten til Nigardsbreen, sett frå sørenden av parkeringa. Skissa er teikna av Nordplan.

Nytt frå Nigardsbreen naturreservat

Sikrings- og informasjonsopplegget framme ved Nigardsbreen held fram som i fjor, men Breheimsenteret tek ein større del av det i år. I år har kommunen planar om å bygge ein ny innfallsport til Nigardsbreen naturreservat.

Trass i årets dårlege turistprognosar, skal me også i år ha sperringar, fareskilt og breinformator framme ved Nigardsbreen. Sikringstiltaka som skal hindra folk i å gå farleg nær brefronten og elva, har for det meste fungert godt, men det er alltid rom for forbetringar og tilpassingar ettersom breen er i stadig forandring og tal på turistar med lite turerfaring frå brelandskap, har auka dei siste åra. Informator-ordninga er eit samarbeid mellom kommunen og Breheimsenteret. Breheimsenteret skal organisere og utføre mesteparten av sikringsopplegget framme ved breen, dei har kort veg til brefronten, og dei har mykje god kunnskap om turistar og Nigardsbreen.

I år har kommunen også planar om å bygge ein ny innfallsport til Nigardsbreen naturreservat, i nordenden av parkeringa ved Nigardsbrevatnet. Der skal turistar få den informasjonen dei treng om ruteval og farar slik at dei kan ta gode val ut frå eigne føresetnader og ferdast tryggast mogleg. Det vil og vera generell informasjon om verneområdet, reglar i verneområdet, farar i brelandskapet, naturreservatet og den kulturhistoriske verdien av området. Innfallsporten skal og vera eit attraktivt opphaldsområde med bord og benkar med utsikt mot vatnet og breen, eit steingjerde/mur skal skilje opphaldsområde frå parkeringa. Kven som skal utføre oppdraget er i skrivande stund uvisst, men anbudsrunder er



Det vil vere informasjonsvert ved breen også i sommar.

i gang og me håpar å få inn nokon gode tilbod frå entreprenørar som kan gjera jobben i 2020. Det vil derfor vere ein del anleggsvirke i løpet av sesongen, men dei skal minst mogleg hindra turgåarar i området.



Charlotte Larsen, Hanna Ugulsvik og Ingrid Marie Bergheim var påmeldte som konferansierar.

UKM Luster og Sogndal 2020

Ung Kultur traff kvarandre i Sogndal 1.mars 2020, og for ein flott møteplass det blei. Det var 34 påmeldte innslag, der 7 var frå Luster. Musikalske innslag stod for mesteparten av det som skjedde på scena, men det var òg teaterinnslag og dans på programmet. Det heile blei ramma inn av dyktige konferansierar som òg var deltakarar.

Kulturhuset i Sogndal blei fylt av ungdomskultur med kunstutstilling i gangen og kreative ungdommar som fylte scena, kafèen og seta i storsalen. Ungdommane deltok og som kafè-

arbeidarar, fotografar og ivrig publikum. Det var flott å kunne sjå dei store variasjonane i innslag og ikkje minst kor ivrige ungdommane var på å sjå kva dei andre heldt på med.

Fylkesmønstringa for Vestland blei dessverre avlyst pga Korona, men UKM jobbar vidare for å fremje ung kultur i Norge. Det er kanskje no me treng kulturen aller mest.

Som fagdommar på musikk i år hadde me fått med oss Sindre Steig som òg opna showet i storsalen med eigen musikk, før han tok plass med dei andre dommarane og kunne nyte showet i sin heilskap.



Anneli Fjelltun Øyre var på fleire innslag. Her er bilete frå eit danseinnslag.



Harald Ablin Søvde fra Hafsløbandet «Traktorvafler».

Turtagrø hotel – «Årets bedrift 2020»

For 30. gong delte Luster kommune ut prisen «Årets bedrift». Sidan det ikkje vart arrangert Lustramarknad i år, vart prisen overrekt då kommunestyret var samla den 18. juni. Ordførar Ivar Kvalen stod for overrekkinga av prisen som næringsutvalet tildeler:

– I år 2020 går prisen til ei bedrift med svært lang historie.

Det er eit føretak som mange lustringar og nordmenn elles har eit forhold til.

Årets bedrift 2020 er Turtagrø hotel AS.

Kvifor har så Turtagrø hotel fått denne utmerkinga:

I 1870-1880-åra var Ole Berge bonde og reinjeger på Turtagrø. Han og kona Anna gav folk som drog over Sognefjellet mat og husly på stølen. William Cecil Slingsby sin bestigning av Store Skagastølstind i 1876 skapte aukande interesse for Hurrungane som fjellområde. Engelskmenn og nordiske pionerar innan fjellsport søkte hit, og overnatta på stølen til Ola og Anna.

I 1888 vart det første hotellet på Turtagrø sett opp for å huse dei moderne turistane. Same året bygde brørne Øiene hotell på nabotomten. Ole Berge kjøpte det bygget i 1912, huset som i dag heiter Sveitservillaen. Turtagrø vart møteplass for klatrarar i Norge. Turtagrø hadde statusen som senter for tindebestigarar fram til andre verdskrigen, med Kari som var dotter til Ole Berge som eigar.

På femtitalet tok Johannes Drægni og kona Astrid over hotellet etter tanta til Johannes, Kari. Johannes drog til Sveits og



Frå venstre, ordførar Ivar Kvalen, Bente Hybertsen, Sofie Hybertsen og Ingunn

lærde moderne klatring og starta Noregs fyrste klatreskule tidleg på sekstitalet.

I 1997 tok son deira Ole over hotellet og heldt fram arbeidet med å profilere hotellet både mot klatring og skikøyring i tindane på våren. Ole byrja og ei større rehabilitering av hotellet. I januar 2001 brann hovudbygningen ned til grunnen. Ole satsa likevel vidare og bygde hotellet opp att med ny arkitektur til sesongen 2002. Ole sette og i gang arbeidet med

å byggje opp att Fjellbiblioteket som vart borte i brannen.

Så 26. desember 2004 døyde Ole i sumanien i Thailand. Dotter til Ole, Sofie Hybertsen, tok over 80% av hotellet sine aksjar berre fire år gammal. I åra etterpå har mor til Sofie, Bente Hybertsen, vore styreleiar i Turtagrø og såleis forvalta Sofie sitt eigarskap.

No i 2020 er Sofie vorten 20 år og har arbeidd nokre sesongar på Turtagrø, ho er og vorten glad i fjella rundt



n Weka.

verksemda. Ingunn Weka er dagleg leiar på Turtagrø, ho er fortunsjente og kjenner godt til drifta på Turtagrø frå ulike posisjonar. Bente Hybertsen er framleis styreleiar.

Næringsutvalet i Luster seier det slik i grunngjevinga for at Turtagrø hotel vert årets bedrift i Luster kommune i 2020:

Turtagrø Hotel er ei av dei viktige tradisjonsbedriftene i Luster kommune. Hotellet har i over 130 år vore sentralt plassert i norsk reiseliv, og

Turtagrø hotel er ei sterk merkevare. Det er ikkje utan grunn av Turtagrø hotel vert kalla «vogga til norsk tinde- og klatresport». I heile historien til bedrifta har kunnskap om fjellet, god tenkjing rundt sikkerheit, men og gleda som ligg i å utfalde seg i fjellheimen vore sentralt.

Turtagrø hotell har dei siste åra utvida sesongen og var tidleg ute med å skape ein god vårsesong med toppturar på ski. Turtagrø har og drege

til seg nye kundegrupper av yngre menneske td gjennom arrangement som «high-camp». Det har vore arbeid solid og målretta over tid, hotellet har solid økonomi. Turtagrø er ein viktig arbeidsplass i sesongen og eit viktig produkt for reiselivet i Luster og Sogn.

Til lukke med prisen.



Hafslo bygdelag har varierte aktiviteter. Dei siste åra har laget saman med Hafslo idrettslag og Hafslo sogeleg rydda og merka turstiar rundt om på Hafslo, der bygdelaget har ansvaret for koordinering av arbeidet. Øvrabøstølen er eit flott turmål frå Galden, med høve til vidare turar til Fjellstølen, Nonhaug, Solvornsnipa og Setålen.

Hafslo bygdelag

Hafslo bygdelag er eitt av fleire bygdelag i Luster kommune. Laget vart stifta 18. februar 1992. Her informerer leiaren i laget, Olav Terje Hove, om arbeidet sitt.

Formålet med laget er, som det heiter i vedtektene «å vera eit kontaktorgan for innbyggjarane på Hafslo. Laget skal fremja eit allsidig og sunt bygdemiljø og leggja tilhøva til rette så flest mogeleg kan oppnå trivsel,

deltaking og medansvar i lokalsamfunnet.» Det er også presisert at laget er «partipolitisk uavhengig».

Dette er eit vidtfemnande formål og ikkje særleg konkret. I praksis prøver bygdelaget å ta

opp saker og aktivitetar som ikkje høyrer inn under andre lag og organisasjonar, men samarbeidar med andre på fleire område.

Den aktiviteten som dei fleste på Hafslo forbind med bygdelaget, er oppsetting av juletre, pynting av julegata og juletretenning med gang rundt juletreet og julenissar. Men laget driv også andre prosjekt. Her kan nemnast ryddedag langs Hafslovatnet der også andre organisasjonar har delteke og fått presentert seg, årleg har laget skipa til soppkurs og laget driv Bokbytebui ved banken på Hafslo. I samarbeid med kommunen har laget arrangert svært vellukka datakurs gjennom Datahjelpa Luster. Laget har stått for oppbygging av klatreparken i samarbeid med skulen og har bygt og vedlikeheld gapahuk på Langholmen, som vert nytta både sommar og vinter. Dei siste åra har laget saman med Hafslo idrettslag og Hafslo sogeleg rydda og merka turstiar rundt om på Hafslo, der bygdelaget har ansvaret for koordinering av arbeidet. Planen er å publisera oversikt over stiane slik at dei blir lettare tilgjengeleg for alle både i kommunen og tilreisande, og at fleire vil gjera seg kjende i området. I tillegg til prosjekt og aktivitetar, gir laget også uttale til ulike kommunale planar og tek opp aktuelle problemstillingar med offentlege etatar.

Denne våren har aktiviteten diverre vore liten. Etter aktivitetsplanen skulle laget no ha gjennomført akedag med grilling i månadsskiftet mars/april, fugletur i fuglereservatet i samarbeid i vernestyresmaktene i april og ryddedag langs Hafslovatnet i april/mai. Alle desse aktivitetane har vi måtte utsetja eller avlysa av grunnar som vi alle kjenner.

I samarbeid med Hafslovatnet



Huarplassen er eit svært populært turmål! Både på grunn av den storslåtte utsikten til Solvorn og fjorden, men også fordi det er fleire ruter hit frå Kjos, Mollandsmarki og Galden, og stiar vidare til Feivald og Skårane.

4H, Hafslo idrettslag og skulen/FAU er det planar for oppsetjing av grillhytte/gapahuk ved vatnet nedanfor skulen. Det håpar vi å koma i gang med når finansieringa er i orden. Vi har også planar om å få til ein baksteddag med lefsebaking i løpet av hausten og så vert det vonleg juletre i sentrum i år og.

Laget har eiga facebook-side så følg oss gjerne der! Aktivitetane vert også lagt ut på

Friskus, aktivitetskalenderen til kommunen.

Innspel til aktivitetar kjem enten frå styremedlemar, på årsmøtet eller frå bygdefolk. Viss du har forslag til aktivitetar eller ynskjer å gjennomføra tiltak på Hafslo, så ta kontakt med oss i bygdelaget. I styret er Olav Terje Hove, Thomas Skjerven, Marit Kvalen, Gerd Westby. Rolf Johan Stranden, Stine Solvi og Ingrid Hansen Lomheim.



Tidlegare fotograf Bjørn Bergum viser oss innstillingar på kamera.

Lustrafjorden kameraklubb

Motto: For fotoglede i Luster

Lustrafjorden Kameraklubb vart stifta 22. januar 1985, fortel Jorunn Grete Ugulen, leiar i klubben. Føremålet var bl.a. å fremja interessa for amatørfotografering. Det har vore vekslande aktivitet i klubben, og ved fleire høve på grensa til å bli nedlagd. "Nye kostar" tok tak i klubben for nokre år sidan, og no er me ein fin gjeng på 24.

Klubben vart medlem av Norsk Selskap For Fotografi (NSFF) i år, det er paraplyorganisasjonen for norske foto- og amatørfilmklubbar.

Me har medlemsmøte 1 gong i månaden, unnateke juli og

august. Aktiviteten har auka, me har konkurransar, utstillingar og fototurar - både i nærområdet og lenger unna. Denne våren hadde me ikkje møte frå februar til mai pga korona, men me hadde ein fototur til uteområdet på Sogn Folkemuseum i slutten av april.

LKK er einaste fotoklubben i Sogn, og er omtrent like store med Førde, som er fylkets største. Dei andre er Vågsøy og Nordfjordeid, men sistnemnde har ikkje hatt aktivitet på eit par år. Medlemmane våre er stort sett frå Luster, men me har òg frå Årdalstangen, Sogndal, Leikanger, og ein heilt nede frå Tromøy ved Arendal!

Me har aktiviteten "månadens bilde," der medlemmane

sender inn inntil 2 bilder utifrå eit gitt tema. Den med mest poeng gjennom året, blir årets klubb fotograf - og får eit gåvekort. Elles har me på nokre av møta føredragsholdarar som formidlar sin kunnskap om ulike ting innan fotografering. Som døme hadde me pensjonert fotograf Per Ingar Sviggum frå Sogndal, som hadde med kamerautstyr og bilde, og forklarar om portrettfotografering. No sist hadde me ein utruleg flink og sjølvværd ungdom – Vegard Aasen frå Solvorn, han legg ned kollossalt mykje arbeid i dei flotte bilda sine.

Me er så heldige å få støtte av Luster Sparebank, etter søknad om gåvemidlar. Det gjer

det mogleg å leiga inn folk til å ha eit føredrag eller kurs, og å kjøpa inn div. utstyr til klubben. Bl.a. har Erling Kvalsøren - klubbens Reodor Felgen - handla inn material og laga transportable utstillingsvegger til oss. Dette gjer det mogleg å delta med utstilling på ulike arrangement rundt om i kommunen.

I fjor sommar var me så heldige å få bruka eit ledig lokale på Pyramiden til salsutstilling, denne fekk stå til langt utpå hausten. 8 av medlemmane stilte ut bilde i ulike storleikar, dei fleste på lerret og aluminium. Det var mange innom utstillinga, og bilde skifta eigarar.

Me i klubben prøver å nytta lokale bedrifter, me har bl.a. *Sognefjord.net* på Veitastrond som printar bilde som nemnt ovanfor. God kundeservice, konkurransedyktige på pris, og god kvalitet !

Me vil òg få takka alle som støttar oss med grasrotmidlar gjennom Norsk Tipping - det er kjærkomne kroner til klubbkassa!!

Målet vårt er å fortsetja med å holda aktiviteten oppe. Me er ein fin gjeng med hobbyfotografar, men tek gjerne imot fleire med fotointerese - både i og utanfor kommunen. Det hadde òg vore kjekt å få med yngre medlemmar, pr. i dag er det berre ein under 18 år. Utstyret er ikkje det viktigaste, det er interessa og det me lærer av kvarandre som tel – og så er det sosialt !

Ved innmelding etter 1. juni er det halv medlemskontingent ut året.

Me har ei facebook-side - Lustrafjorden Kameraklubb, og følg oss gjerne på Instagram - *#lustrafjordenkameraklubb*.

E-postadressa vår er *post@lkk.photo*



Fyrste utflukt etter koronautbrot, til Sogn folkemuseum på Kaupanger.

Folketal

1. januar 2020 var folketalet i Luster kommune 5174, den 1.4 var folketalet og 5174. 14 born vart fødte i fyrste kvartal, medan 16 døydde. 33 personar flytte til kommunen medan 31 personar flytte ut av kommunen.

Folketal	pr. 01. januar 2001	4954
Folketal	pr. 01. januar 2002	4968
Folketal	pr. 01. januar 2003	4924
Folketal	pr. 01. januar 2004	4926
Folketal	pr. 01. januar 2005	4927
Folketal	pr. 01. januar 2006	4889
Folketal	pr. 01. januar 2007	4884
Folketal	pr. 01. januar 2008	4870
Folketal	pr. 01. januar 2009	4879
Folketal	pr. 01. januar 2010	4945
Folketal	pr. 01. januar 2011	5023
Folketal	pr. 01. januar 2012	5026
Folketal	pr. 01. januar 2013	5041
Folketal	pr. 01. januar 2014	5089
Folketal	pr. 01. januar 2015	5118
Folketal	pr. 01. januar 2016	5093
Folketal	pr. 01. april 2016	5098
Folketal	pr. 01. juli 2016	5120
Folketal	pr. 01. januar 2017	5151
Folketal	pr. 01. april 2017	5167
Folketal	pr. 01. juli 2017	5184
Folketal	pr. 01. januar 2018	5223
Folketal	pr. 01. april 2018	5240
Folketal	pr. 01. juli 2018	5237
Folketal	pr. 01. oktober 2018	5207
Folketal	pr. 01. januar 2019	5195
Folketal	pr. 01. april 2019	5187
Folketal	pr. 01. juli 2019	5194
Folketal	pr. 01. januar 2020	5174
Folketal	pr. 01. april 2020	5174

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalsvis befolkningsstatistikk.



Den syriske familien Habib/Abdallah, trivst godt på Hafslo og har fått gode vener og nettverk. Den store draumen er å kjøpe sitt eige husvære i bygda.

Vilje, hardt arbeid, tålmod og inkluderande arbeidsgjevarar har vore nøkkelen

Ein ny start

Ein sein desemberkveld i 2017 landa familien Habib/Abdallah på Haukåsen Lufthamn. Familien på fem kom då rett frå flyktningleir i Libanon, der dei hadde budd i 6 år.

Familien kjem opprinneleg frå Aleppo i Syria. Aref byrja tidleg å interessere seg for handverk knytt til stålarbeid og design. Han gjekk i lære hjå far sin, og hadde tidleg ein draum om å starte si eiga verksemd knytt til handtverket. Då han traff Rojan, og dei stifta familie vart også ho inkludert i draumen om eiga verksemd, og saman sparte dei

alle midlar over lang tid for å oppfylle draumen. I 2009 starta Aref opp si eiga bedrift med 30 tilsette. Berre to år etter råka krigen, og familien måtte flykte frå alt dei hadde, og stod brått på bar bakke som flyktningar i ukjent land.

Desemberkvelden i 2017 tok Haukåsen og Sogn i mot familien med snøsludd og kald vind. Familien vart busette på Hafslo. I Libanon hadde dei fått noko informasjon om Noreg, men dei var no komne til eit land som var heilt ulikt det dei kom frå, både i høve landskap, klima, kultur, språk,

livsstil og ikkje minst system. Aref og Rojan tykte språket var utfordrande, særskilt i høve at dei skulle ta buss til og frå skulen i Gaupne, og til ulike avtaler i Sogndal. Å orientere seg i bussruter på eit språk ein ikkje forstår kan utfordre ein kvar.

Det viktigaste for familien ved å komme til Noreg var å leve trygt og få gå på skule. Borna hadde ikkje fått høve til å gå på skule i Libanon, då dette var svært dyrt. Det vart såleis godt for dei å få byrje i skule og barnehage på Hafslo. I Noreg er livet på ein måte forsikra, seier Aref. Med dette meiner han at

barna får gå på skulen, ein kan ta utdanning til kva ein ønskjer, likestilling, rettar, hjelp og støtte frå det offentlege, livet er forutsigbart.

Inkluderande arbeidsgjevarar.

Aref og Rojan byrja på Luster vaksenopplæring for å lære seg norsk. I kombinasjon med norskopplæringa plar alle elevane å vera to dagar i veka i språk/arbeidspraksis, slik at ein også kan tileigne seg språket gjennom arbeidslivet, og samstundes lære seg om korleis norsk arbeidsliv fungerer. Aref ønska å få arbeide vidare knytt til faget sitt, og fekk difor høve til prøve seg ut i praksis på Luster Mekaniske Industri, der han vart testa i ulike ferdigheiter. LMI såg fort at dette var ein handtverkar dei ønska å satse på, men og at det var behov for noko meir norskopplæring, særleg med fokus på faguttrykk på jobb. Arbeidsgjevar merkte utstyr og verktøy med namn for å bistå i språkopplæringa, i tillegg til kursing på fagfeltet. Då praksisperioden var over stod Aref i døra med kontrakt på full fast stilling i bedrifta.

I Syria er det mest vanleg at kvinner er heime med barn og syt for hushaldsoppgåver. Slik var det også for Rojan, men då dei skulle starte på nytt i nytt land, hadde også Rojan lyst til å arbeide, og gjerne knytt til butikkarbeid. Såleis havna ho i språkpraksis på Spar Hafslo. Her glei ho godt inn i miljøet, var flink til å arbeide, sjølvstendig, omgjengeleg og treivst svært godt. I tillegg arbeidde ho hardt og intensivt med norsk språk. Etter introduksjonsprogrammet var gjennomført stod også ho med kontrakt på fast arbeid.

Både Aref og Rojan er tydelege på at dei set stor pris på at dei har fått ei moglegheit til å vise kven dei er hjå



Rojan (biletet) har fått fast arbeid på Spar Hafslo, og Aref på Luster Mekaniske Industri (LMI).

arbeidsgjevarane sine. Begge trivst svært godt på jobb, både med arbeidet og kollegaer, kjenner seg inkluderte og ønskjer å halde fram med å utvikle seg på arbeidsplassen sin.

Korleis lukkast de?

Familien er forsiktige når me spør dei kva som er suksessfaktoren bak denne solskinshistoria. Dei formidlar at dei har hatt det bra, og at dei har fått moglegheita. Bak ligg også hardt arbeid og vilje, og det har vore viktig å lære seg språket. Aref legg til at ein bør vera tålmodig, så går ting greitt til slutt.

Drøyer om eigen bustad

Heile familien trivst godt på Hafslo. Dei tre barna går på skulen, deltek i fritidsaktivitetar og har fått gode venner og nettverk. Familien likar å gå på tur, fiske og vera sosiale med andre. Aref har teke førarkort, så no er det lettare å forflytte seg til og frå arbeid og aktivitetar. Me spør om familien har framtdsplanar. Paret er samde om at den store draumen er å kjøpe eige hus eller leilegheit på Hafslo. «Me har det veldig fint her på Hafslo og barna trivst veldig godt på skulen».



Øystein Magnus Grødem Tveit.

Nye Lustringar

Fortel litt om deg sjølv. Eg er født og oppvokst i Førre i Tysvær kommune, 35 år og har jobbet de siste seks åra som servicemarkedssjef for Volvo i Haugesund. Er svært friluftinteressert -både sommer og vinter.

Kvifor kom du til Luster?

Jeg fikk en fantastisk mulighet til å ta over Luster Fjordhytter i Høyheimsvik, samtidig som jeg kunne bosette meg her. Jeg har feriert her i nesten 15 år hos Stein, og da jeg fikk denne muligheten, var valget svært enkelt.

Kva er det beste med å bu i Luster?

Nærheten til både fjord og fjell, samtidig som de menneskene jeg er blitt kjent med her, er veldig imøtekommende og hyggelige.

Kva kan Luster bli betre på?

I og med at dette er en så flott kommune både for ferie og til å bosette seg i, burde en satse enda mer på markedsføring av kommunen og de mulighetene området har å by på.



Eit døme på ansvarleg hundehald (foto: BioBag)

Nye reglar for hundehald i Luster

For å fremje eit positivt og ansvarleg hundehald med omsyn til menneskje og dyr, er forskrifta for bandtvang av hund i Luster endra. I ny forskrift er det lagt meir vekt på tryggleik og trivsel for bufe, vilt og menneskje, samt at ein kan innføra ekstraordinær bandtvang når og der det er naudsynt.

Den 13.02.2020 blei det vedtatt endringar i forskrift for bandtvang av hund i Luster kommune. I den nye gjeldande forskrifta står det blant anna at:

Rådmannen kan innføra ekstraordinær bandtvang for heile eller deler av kommunen for å verna vilt og bufe dersom tilhøva tilseier at det er naudsynt.

Ekstraordinære tilhøve: Unormalt store snømengder, nedising av beiteområde eller andre klimatiske tilhøve som gjer viltet særleg sårbart

mot uroing, samt andre tilhøve som reduserer viltet si toleevne mot stress meir enn normalt. Oppstillinga er ikkje uttømmende.

Den ekstraordinære bandtvangen gjeld inntil det vert fatta vedtak om oppheving, eller han vert erstatta av ordinær bandtvang 1. april. Vedtak om innføring av ekstraordinær bandtvang skal kunngjerast i dei media rådmannen finn føremålstenleg, samt på kommunen si heimeside. Rådmannen skal fatta vedtak om oppheving av ekstraordinær bandtvang så snart tilhøva tilseier at det er forsvarleg. Vedtak om oppheving skal kunngjerast på same måte som innføring.

Personar med ansvar for hund skal straks fjerna ekskrement som hunden etterlet seg i område regulert til skule og barnehage,

kyrkje og kyrkjegardar, bustadområde, idrettsanlegg, gang- og sykkelveg. Avfallet skal deponerast på dertil eigna stad. Hundeposar må ikkje kastast i naturen.

I dei nye reglane for Luster kommune er det fortsatt bandtvang frå 1. april til og med 1. november i dei områda der husdyr har rett til å beita og faktisk beitar. I tillegg gjeld generell bandtvang frå 1. april til og med 20. august i heile landet.

Den nye forskrifta finn du på nett ved søkja på «Forskrift for bandtvang av hund, Luster (FOR-2020-02-13-142)»

Ser du ein laus hund som urettvis jagar eller angriper husdyr, rådyr, hjort, reinsdyr eller andre dyr, forsøk å få kontroll på hunden og ring politiet på 02800.

Me ynskjer alle god tur i lustranaturen!

Heider




Tilsette som har arbeida 25 år i kommunen vart heidra med gåve og 3 retters middag i Bestebakken.
Frå venstre: Oddny Solheim, Liv Ellingseth, Jorunn Ødegård, Inger Helen Flugheim, Inger-Lise Vigdal, Hildegunn Øygard Hansen, Gerd Myklemyr, omkransa av rådmann Jarle Skartun og ordførar Ivar Kvalen.



Tilsette som har arbeida 40 år i kommunen vart heidra med gåve og 3 retters middag i Bestebakken.
Frå venstre: Kari Beheim Karlsen, Sigrunn Haugen, Aud Åse Grønbech, omkransa av rådmann Jarle Skartun og ordførar Ivar Kvalen.

Returadresse:
Luster kommune,
Postboks 77
N-6866 Gaupne
Noreg/Norway



LUSTR

Luster UngdomsTAXI



Opne arrangement i Luster kommune
Treningar, møte og kurs

KVAR?

For ungdom mellom 13 - 19 år buseff i kommunen

KVEN?

Minimum 2 personar.
Andre kan vere med men må betale full pris

KOR MANGE?

Prisen er 50,- kroner pr tur, pr person

hfuluster

Snap eller ta skjermbilde for å legge til

Helsestasjon for ungdom (HFU) i Luster er komne på SnapChat. Her legg dei ut generell informasjon om helse, seksualitet og samliv. Dersom du ønskjer ein individuell samtale, ta kontakt på 57 68 56 05. Ønskjer du å følgje dei? Søk opp **hfuluster** eller scan snapkode.



LUSTRAnytt

Nr. 1 - 2020

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus. Redaksjonen avslutta 18. juni 2020.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun
Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/leiar Anita Bjørk Ruud. Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen. Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
Luster kommune, Lustranytt,
Postboks 77, 6866 Gaupne.
Tlf. 57 68 55 00
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
Tlf. 57 65 60 05

Framsidedfoto: Øvst: 17. mai på Grov i Krundalen.
Foto: Johanne Grov.
Nedst: 17. mai Fjordblæsen spelar på Skjolden.
Foto: Lars Berge Pedersen.

Viktige telefonnummer

Helsesenteret/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsesenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT Tlf. 116 117
TANNLEGEN i Nesgården Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP Mob. 481 02 120
(Veg/vatn/kloakk).
NAV Luster Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:
Melding om brann Tlf. 110
Vakthavande brannbefal Mob. 416 59 440
Politi/Lensmann Tlf. 112
Ambulanse Tlf. 113

